

Vindkraft i eit naboretttsleg perspektiv

Kandidatnummer: 116

Antall ord: 14730



JUS399 Masteroppgave
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

7. juni 2021

Innholdsliste

1	Innleiring	3
1.1	Tema og problemstilling	3
1.2	Aktualitet.....	5
1.3	Avgrensingar	7
1.4	Metode og rettskjeldebilete	7
1.5	Framstillinga vidare.....	8
2	Forholdet mellom grannelova og offentleg rett.....	9
2.1	Det tospora systemet	9
3	Om skade og ulempe	13
3.1	Skader og ulempar etter grannelova.....	13
3.1.1	Tilknytingskrav og årsaksfaktor.....	13
3.1.2	Skadevilkåret.....	14
3.1.3	Ulempesvilkåret	15
3.2	Om skader frå vindkraft	16
3.3	Om ulempar frå vindkraft.....	16
3.3.1	Støy.....	17
3.3.2	Skuggekast	20
3.3.3	Visuelle verknader.....	20
3.3.4	Signalforstyrningar	22
3.3.5	Iskast.....	23
3.3.6	Midlertidige ulempar frå vindkraft.....	23
3.3.7	Særleg om naturmangfold	24
3.3.8	Spørsmålet om vindtilhøve på granneeidem	26
4	Om uturvande-vilkåret	28
4.1	Generelt om uturvande-vilkåret i lova	28
4.2	Momentet om teknisk og økonomisk mogleg	28
5	Om urimelegheitsvurderinga.....	32
5.1	Generelt om urimeleg-vilkåret i lova	32
5.2	Om ventelegheitskriteriet	32
5.2.1	Etablering på staden og tidsprioritet.....	33
5.2.2	Samfunnsutvikling	35

5.3	Om vanleg-kriteriet	38
6	Avslutning	40
7	Kjelder	42
7.1	Litteraturliste	42
7.2	Norske lover	44
7.3	Norske forskrifter og forarbeid	44
7.3.1	Forskrifter.....	44
7.3.2	Norske lovforarbeid og stortingsmeldingar.....	44
7.4	Norske rettsavgjerder	45

1 Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Temaet for oppgåva er drøfting av dei særlege problemstillingane utbygging av vindkraftverk kan reise i høve til grannelova § 2.¹ Den overordna problemstillinga er i kva grad ein må tole vindkraftverk på granneeidedom. Som del av dette er ei problemstilling kva innverknad NVE sine rettleiingar og vurderingar knytt til ulemper frå vindkraft har på urimelegheitsvurderinga i gl. § 2.

Vindkraft har dei siste åra blitt sett på som ein viktig ressurs i samband med auka etterspurnad etter fornybar energi i Noreg og Europa. Utbygging av anlegg for produksjon av vindkraft har vore eit politisk satsingsområde også i Noreg. Dei fleste vindkraftanlegg i Noreg er konsesjonspliktige,² med unntak av vindturbinar under 1 MW (megawatt) og parkar med færre enn fem turbinar, jf. energilovforskrifta § 3-1.³ Denne oppgåva vil primært ta for seg vindkraftutbygging av ein slik storleik at den er konsesjonspliktig, men også mindre anlegg vil bli trekte inn der det er relevant.

Slike vindkraftanlegg krev stor plass og fører til ulike former for påverknad på eigedomar og naturområde rundt. Dermed står vindmøllene midt i interessemotsetnader med samfunnsmessig og økonomisk behov for kraft på den eine sida, og naturvern og lokalt miljø på den andre. I konsesjonsprosessen er desse interessene gjenstand for utgreiing, og ein skal vege opp den samfunnsmessig nytte av vindkraftanlegget opp mot dei verknadane utbygginga får. Dei siste åra har vindkraft fått stor merksemd i media. Fleire påbyrja og planlagde utbyggingar har vekt sterkt motstand frå lokalmiljø, og organisasjonar som Motvind Norge har blitt skipa på nasjonalt nivå.⁴ Hovudgrunnen til slik misnøye synast å vere naturinngrepa utbygging medfører, men også ulemper for lokalmiljøet og kringliggjande eigedomar har vore i fokus.

¹ Lov 16. juni 1961 nr. 15 om rettshøve mellom grannar (grannelova – gl.).

² Lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven).

³ Forskrift 7. desember 1990 nr. 959 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilovforskriften).

⁴ Motvind Norge, «Historikk», 2021, <https://motvind.org/om/historikk/> (lest 5. februar 2021).

I tillegg til denne offentlegrettslege reguleringa av vindkraftutbygging som overlet avveginga av interessene til forvaltingsorgana, har vi privatretten, som regulerer rettsforholda mellom private. Ein sentral del av privatretten er eigdomsretten, som mellom anna skal verne om enkeltmenneske sin rett til å råde over eigen eigedom. Eigdomsretten omfattar både råderetten, som består av både rettslege og fysiske disposisjonar, men også ein rett til å nekte andre å gjere noko med eigedomen. Naboretten tek sikte på å balansere retten ein har til å råde over eigedomen sin, opp mot grannen sin rett til å ikkje måtte tolle unødig eller urimeleg påverknad ein får på sin eigedom. Grannar som er utsette for ulemper grunna vindkraftutbygging, vil dermed kunne ta i bruk grannelova som vern. Sjølv om vindkraftutbygging er konsesjonsavhengig, er naboretten anvendeleg basert på eit tospora system der privatretten er sjølvstendig, og dermed kan brukast uavhengig av offentlegrettslege vedtak og løyve. Dette vil eg kome tilbake til.

Denne oppgåva har som fokus å kaste lys over avveginga mellom retten til å utnytte sin eigedom på den eine sida, og vernet ein har mot påverknad frå granneigedom i saker om vindkraftutbygging. Grannelova av 1961 har som formål å verne grannar mot alle tiltak som medfører ulemper eller skader. Gl. § 2 set opp kriterium for kor ein skal fastlegge grensa for kva ein må tolle av slik påverknad. Dersom desse momenta tilseier at denne ulempa eller skaden er «urimeleg eller uturvande», skal nabo ikkje måtte tolle dette, og har rett til å krevje retting, erstatning eller vederlag, jf. gl. §§ 9, 10 og 11.

Grannelova § 2 er ein allmenn regel som gjeld i alle tilfelle der nokon har, gjer eller set i verk noko som fører til skade eller ulempa på granneigedom. Denne oppgåva tek sikte på å særleg ta for seg ulempene og skadane som har utpeikt seg som særpreg i høve vindkraftanlegg. Først og fremst er støy i nærleiken av vindturbinar ei ulempa som gjer seg gjeldande. I tillegg har faren for iskast på vinterstid vorte framheva som ein særskilt risiko ved vindkraftanlegg. Iskast vil seie at isdanning på blada til vindturbinane fell ned eller vert kasta eit stykke bort frå vindturbinen og landar på bakken. Dette kan skje i høg hastigkeit og med stor tyngde. Visuelle ulemper i form av lysrefleksjonar og plagsame skuggar har òg vore gjenstand for tvistar.⁵ Vidare er andre aktuelle ulemper industriutbygging ved anleggsvegar og turbinar i utmark, og påverknaden dette vil ha for tur- og beiteområde og naturmangfaldet på desse stadane. Det har særleg vore fokus på fugledød rundt vindkraftanlegg. Dette vert sentralt i spørsmålet om kva som utgjer urimelege og uturvande ulemper og skader etter grannelova,

⁵ Rt. 1991 s. 1281 Jæren folkehøgskule.

ettersom gl. § 2 andre ledd peikar på «omsyn til naturmangfaldet» som eit moment som skal vektleggast.

Denne oppgåva tek for seg momenta som etter gl. § 2 gjer seg gjeldande for å fastleggje tolegrensa i saker rundt vindkraft. Det skal særleg leggast fokus på betydinga av tidsprioritet som moment for kva som er «venteleg etter tilhøva på staden» i tilfelle der naboen erverva eigedomen først, kva innverknad det har at eigedomen er eigna til vindkraft og i kva grad den samfunnsmessige utviklinga og samfunnsnytta rundt vindkraft kan ha innverknad på kva som er «venteleg etter tilhøva på staden». Vidare skal oppgåva drøfte kva kriteriet «omsyn til naturmangfaldet på staden» har å seie i høve til vindkraft, og kva som etter gl. § 2 andre ledd kan krevjast av tiltak for å hindre ulempene.

1.2 Aktualitet

Utbygging av vindkraft som kjelde til fornybar energi i stor stil er ei relativt ny satsing i Noreg. Det har vorte eit politisk ønskje at ny kraftproduksjon skal kome frå fornybare kjelder og slik sett unngå CO₂-utslepp som bruk av fossilt brennstoff fører til. I Stortingsmelding nr. 58 om Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling, vart det understreka at fornybar energi vil vere viktig for å nå klimamål som Noreg er internasjonalt er forplikta til, der «en bærekraftig utvikling forutsetter blant annet at fornybare energikilder over tid får en mer sentral plass i den globale energiforsyningen.»⁶ Vindkraft var i meldinga ein type teknologi eigna for energiproduksjon, der «regjeringen vil legge til rette for at ny energitilgang i økende grad kommer fra fornybare energikilder som bioenergi, solenergi, varmepumper og vindkraft».⁷ Ifølgje meldinga var det 12 vindkraftverk i drift i 1995, med samla produksjon på 8GWh (gigawatt-timar).⁸ Det vart likevel anteke at kostnadane for vindkraft ville bli redusert dei 10 neste åra, noko som ville gjere vindkraft lønnsamt i Noreg.⁹ Utbyggingskostnadane for vindkraft har minka med nær 40 prosent frå 2012 til 2019.¹⁰

Frå 1997-2013 vart det bygd ut 1,1 TWh (terawatt-timar) vindkraft, ingen mellom 2006-2008 og 1 TWh vindkraft mellom 2008-2013.¹¹ Dei siste åra har utbygginga skote fart, og i 2020

⁶ St.Meld nr. 58 (1996–97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling - Dugnad for framtida, punkt 9.6.

⁷ Ibid. punkt 7.2.1.

⁸ Ibid. punkt 17.1.7.

⁹ St.Meld nr. 58 (1996–97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling - Dugnad for framtida, punkt 17.1.7.

¹⁰ Meld. St. 28 (2019–2020) Vindkraft på land - Endringer i konsesjonsbehandlingen punkt 2.2.

¹¹ Enova 2014: Etablering av vindkraft i Norge, s. 5.

vart det ferdigstilt anlegg med ein kapasitet på 5,3 TWh. Den samla produksjonen i 2020 var 9,9 TWh.¹² Dette kjem av store utbyggingar av nye vindkraftanlegg, men også av at teknologisk utvikling har opna for større vindturbinar og at turbinane toler høgare vindhastigheiter før dei må stansast. Ein typisk vindturbin sett i drift i 2019 kan produsere 14 GWh i året, medan ei vindmølle bygd i 2012 produserer 7 GWh.¹³ Denne teknologiutviklinga reiser ny aktualitet angåande ulempene vindturbanane kan medføre, til dømes støy og visuell påverknad i landskapet.

I 2019 utarbeidde Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, der det vart peikt ut 13 områder i Noreg som var eigna for utbygging.¹⁴ Målet med nasjonal ramme for vindkraft var å «legge til rette for en langsigktig utvikling av lønnsom vindkraft i Norge».¹⁵ Rammeplanforslaget førte mellom anna til stort engasjement hjå vindkraftmotstandarar. Ei undersøking gjennomført av Opinion i september 2020 på vegne av Den Norske Turistforening, viste at talet på personar som var svært eller ganske negative til vindkraft på land gjekk opp frå 25 prosent i april 2019 til 42 prosent i september 2020.¹⁶

Omfattande engasjement rundt temaet i media og i høyringsprosessen førte til at regjeringa etterkvar skrinla rammeplanen, og varsla at dei tvert imot vil arbeide for endringar i konsesjonshandsaminga med enkelte skjerpingar.¹⁷ Regjeringa si grunngjeving for endringane i konsesjonshandsaminga er mellom anna at utbygging ikkje må «gi for store negative virkninger for befolkningen og viktige miljø- og samfunnsinteresser. Virkninger for landskap og miljø, samfunn og naboer skal vektlegges sterkere i konsesjonsbehandlingen, og lokal og regional medvirkning skal styrkes.»¹⁸ Her er det av særleg betyding at regjeringa vil gjennomføre endringar for korleis granneverknadar skal vektleggast, mellom anna maksimalhøgde på vindturbanar, vurdert for det einskilde kraftverket, samt strengare krav til støy.¹⁹ I tillegg har delar av vindkraft-debatten handla om ulempene som grannar vert utsett

¹² NVE (2021) Vindkraft.

¹³ NVE 2019: Forslag til nasjonal ramme, s. 13.

¹⁴ NVE 2019: Forslag til nasjonal ramme.

¹⁵ Meld. St. 25 (2015–2016) Kraft til endring: Energipolitikken mot 2030.

¹⁶ Habberstad, Mette, «Windmotstand økt med 68 prosent», DNT, 13. oktober 2020, <https://www.dnt.no/artikler/nyheter/22328-vindmotstand-kt-med-68-prosent/>.

¹⁷ Meld. St. 28 (2019–2020).

¹⁸ Olje- og energidepartementet 2021.

¹⁹ Meld. St. 28 (2019–2020), punkt 4.8.5.

for. I media har det mellom anna vore saker om støy,²⁰ forstyrring av TV-signal,²¹ lysrefleksjonar og påverknad på drikkevatn.²² Likevel har vindkraftmotstanden hovudsakeleg handla om ugyldige konsesjonsvedtak og endringar i desse, medan grannelova i svært liten grad har vore nemnt. Desse endringane som det ligg an til innanfor den offentlegrettslege reguleringa av vindkraft på land, gjer det altså interessant å sjå på rettstilstanden rundt slike kraftverk også i naborechtsleg perspektiv med ei nytt blikk. Uavhengig av korleis den offentlegrettslege delen av vindkraftregulering vurderer ulempene som vindkraft påfører grannar, følgjer det av det tospora systemet at privatrett står seg sjølvstendig, uavhengig av offentleg regulering. Dette skal eg kome tilbake til nedanfor. Derfor reiser debatten rundt vindkraft særlege grannerettslege spørsmål som skal behandlast i denne oppgåva.

1.3 Avgrensingar

Oppgåva vil fokusere på det nærmere innhaldet i den generelle tolegrensa i grannelova § 2 første til tredje ledd. Grunna oppgåva sitt omfang, må der avgrensast mot sanksjonane som eit brot på gl. § 2 opnar for. Slike sanksjonar vil kunne vere retting etter gl. § 10, samt erstatning og vederlag etter § 9. I vindkraftsamanheng vil truleg dei to siste vere mest aktuelle, men også retting gjennom ulike avbøtande tiltak for dei konkrete ulempene kan vere aktuelt.

Grunna oppgåva sitt omfang, vil det heller ikkje bli greia ut om den spesielle tolegrensa i gl. § 2, fjerde ledd. Dette er ein snever tryggleiksventil som gjer at ulempar som er ventelege og vanlege, likevel kan vere urimelege overfor ein avgrensa krins personar dersom dei medfører monaleg forverring av brukstilhøva. Føresegna blir likevel nemnt kort der det viser seg relevant.

1.4 Metode og rettskjeldebilete

Oppgåva skal gjere greie for gjeldande norsk rett gjennom alminneleg juridisk metode for rettsdogmatiske analysar. I hovudsak ligg det ikkje føre særskilte metodiske utfordringar knytt til temaet. Vindkraft i Noreg er ein relativt ny industri, og derfor er det ikkje mykje rettspraksis på området enda. Rettskjeldebiletet består i hovudsak av norsk lovtekst, særleg

²⁰ Haugland, Otterdal & Vestly (2021).

²¹ Owe og Vedeler (2020).

²² Lied (2021).

grannelova, energiloven og forureiningslova, samt forarbeid til desse. Den noverande grannelova av 1961 er i stor grad ei vidareføring av nabolova av 1887,²³ der ei sentral føresegn var § 12, som omhandla «forbod mot verksemد o.a. som «volder Naboen usædvanlig eller upaaregnelig Ulempe».²⁴ Det betyr at også eldre rettspraksis og forarbeid er relevante rettskjelder ved tolkinga av dagens lov. Sjølv om forarbeid og eldre rettspraksis vil vere relevante rettskjelder, inneheld gl. § 2 skjønnsmessige formuleringar, som gjer at føresegna er tilpassingsdyktig over tid og skal ta høgd for endringar i samfunnet. Dette gjer at reelle omsyn naturleg vil ha plass i lovtolkinga.

Gjennom åra har NVE laga ei rekke rettleiingar mellom anna for vindkraft og andre konsesjonstiltak. Slike rettleiingar er ikkje bindande i seg sjølv, men er relevante i rettsleg forstand i den grad dei gir uttrykk for forvaltingspraksis. Den rettskjeldemessige vekta av forvaltingspraksis er til ei viss grad avhengig av konsekvent og langvarig bruk. Sidan det er lite rettspraksis som direkte handlar om vindkraft, vil også rettspraksis som gjeld andre saker etter grannelova også vere relevant for tolkinga av gl. § 2.

1.5 Framstillinga vidare

Vindkraft er eit tiltak som oftast krev offentleg løyve gjennom anleggskonsesjon. For å kunne drøfte tiltaket etter privatrettslege regelsett er det dermed naturleg å sjå på skiljet mellom offentleg rett og privatrett. Derfor vil oppgåva først gi ei oversikt over forholdet mellom grannelova og energiloven. Vidare skal det greiast ut om vilkåra for skade og ulemper i grannelova, før eg tek for meg kva typiske skader og ulemper frå vindkraftanlegg som gjer seg gjeldande opp mot vilkåret om skader og ulemper i grannelova § 2. Deretter skal oppgåva gi ei oversikt over uturvandevurderinga og urimelegheitsvurderinga.

²³ Ot.prp nr. 24 (1960–61) Om lov om rettshøve mellom grannar, s. 12.

²⁴ Ibid. s. 2.

2 Forholdet mellom grannelova og offentleg rett

2.1 Det tospora systemet

Vindkraftanlegg er konsesjonspliktig etter energiloven § 3-1²⁵ når produksjonen er over 1 mW eller har meir enn fem vindturbinar, jf. energilovforskriften § 3-1.²⁶ Ein konsesjon er enkelt sagt ein dispensasjon frå eit generelt forbod. Spørsmålet er dermed om eit slikt løyve frå det offentlege går framom anna regelverk, og dermed gjer vindkraftverk uangripeleg etter grannelova.

Forholdet mellom privatrett og offentlegrettsleg regulering har i lang tid blitt sett på som avklart, og blir gjerne omtalt som eit tospora system. Dette vil seie at offentleg rett og privatretten er to separate regelsett. Det inneber at grannelova er gjeldande jamvel om eit tiltak har offentleg løyve, til dømes gjennom konsesjon. I samanheng med forurensningsloven²⁷, omtalar Hans Christian Bugge det som ein hovudregel i naboretten at «en offentlig tillatelse til en handling ikke automatisk gjør handlingen rettmessig i privatrettslige relasjoner («det tosporete system»)», og at ein granne likevel vil kunne ha erstatningskrav jamvel om verksemda har løyve.²⁸

Eit sentralt argument bak eit slikt parallelt system er at lovane ikkje har som formål å verne om dei same omsyna og interessene. Behovet for eit slikt tospora system er at forvaltinga i større grad skal ta vare på offentlege interesser, og at denne oppgåva ikkje samtidig skal kunne ta frå privatpersonar sine angrepsmogleigheter etter grannelova. Det følgjer av forarbeida til den noverande grannelova at «Forbod og påbod i t.d. helse-, brann- og bygningslovene vender seg prinsipielt til alle samfunnsborgarar i og utanfor grannehøve og lyt gjelda ved sida av grannelovføresegmene. Dei spørsmåla som er løyste i slike administrativlover, fell difor utanfor dette kapitlet.»²⁹ Også Falkanger og Falkanger forklarar

²⁵ Lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven).

²⁶ Forskrift 7. desember 1990 nr. 959 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilovforskriften).

²⁷ Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven).

²⁸ Bugge (2015) s. 269.

²⁹ NUT 1957: 3 Rådsegn 2 om eigedomsretten i grannehøve, s. 16.

det tospora systemet, i samband med forholdet mellom plan- og bygningsloven³⁰ og grannelova, med at omsyna og formåla til lovverka «ikke i ett og alt er sammenfallende».³¹

Domen som er referert i RG 1986 s. 550 (Bergen byrett) illustrerer problemet med forholdet mellom lovene. Saka handla om eit burettslag som meinte dei ville bli utsett for urimelege ulemper som følgje av eit kyrkjebygg som skulle byggjast på ein granneeidedom. Kyrkja var i tråd med reguleringsplan, og Bydelsutvalet og Bygningsrådet vedtok bygging trass i erkjenning av eventuelle ulemper for granneeidomen, delvis med grunngjevinga at det ikkje fanst alternative tomter, jf. s. 553. Forvaltingsstyresmaktene kunne altså vedta tiltak i tråd med bygningsloven av 1965, jamvel om dette potensielt kunne føre til ulemper som var forbode etter grannelova § 2. Retten presiserte at sakshandsaminga av kyrkja etter bygningsloven berre omfattar «disponeringen av arealet innenfor planområdet», og at «[n]år det gjelder forholdet mellom Grannelov og Bygningslov, finner retten at den i denne konkrete saken har full prøvelsesrett etter Gl.», jf. s. 555. Retten grunna dette med at bygningsloven «i svært liten grad ivaretar de hensyn som ligger bak gl. § 2.»

Energiloven har som formål å «sikre at produksjon [...] foregår på en samfunnsmessig rasjonell måte, herunder skal det tas hensyn til allmenne og private interesser som blir berørt.» jf. energiloven § 1-2. Ein konsesjonssøknad skal så langt det passar gjere greie for «innvirkning på private interesser, herunder grunneieres og andre rettighetshaveres interesser», jf. energilovforskrifta § 3-2 (h). Det tospora systemet gjer at ein i visse tilfelle kan seie at ein granne vil ha dobbelt vern mot ulemper som følgje av slike konsesjonspliktige produksjonsanlegg, sidan konsesjonsbehandlinga til ei viss grad tek omsyn til inngrep som vil påverke granneeidomar. Likevel er ikkje vurderingane fullt ut like, fordi premissa i vurderingane av innverknad på grannar er ulik. Etter energilovforskrifta skal konsesjonären syte for minst mogeleg miljø- og landskapsmessige ulemper for allmenta, «i den grad det kan skje uten urimelige kostnader eller ulemper for konsesjonær.», jf. § 3-5 (b). Dette betyr at urimelegheitsvurderinga i konsesjonsprosessen har som føresetnad at det ikkje skal bli uforholdsmessige ulemper for konsesjonær. Det vil igjen seie at frå eit offentlegrettsleg perspektiv har utbyggjar løyve til å gjennomføre inngrepa i området det er snakk om, så lenge

³⁰ Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

³¹ Falkanger og Falkanger (2016) s. 400.

nytta er såpass stor at anlegget er samfunnsmessig rasjonelt, jf. energiloven § 1-2. Innhaldet i urimelegheitsvurderinga i grannelova vert drøfta inngående seinare i oppgåva.

Grensene mellom det offentlegrettslege og grannelova vart særleg kasta lys på i diskusjonen mellom Carl August Fleischer og Audvar Os som oppstod i etterkant av Högsterett sine standpunkt i Rt. 1974 s. 122. I domen var hovedspørsmålet om bygg som var oppført i samsvar med bygningsloven av 1924, i dag tilsvarende plan- og bygningsloven § 12-12, ikkje kunne rammas av grannelova § 4, 2. ledd om forbod mot vindauge nærmere granneeidedom enn 1,25 m. Retten uttalte:

Ved bedømmelsen av den foreliggende sak finner jeg ikke å kunne gå ut fra at bestemmelser i en byggetillatelse som er gitt i henhold til en stadfestet reguleringsplan, uten videre går foran grannelovens bestemmelse. Jeg finner det klart at så ikke er tilfelle når det gjelder grannelovens § 2. Tvert imot er den rettspraksis som gir erstatning for støy og forurensingsulemper utover tålegrensen basert på at nabolovens prinsipper gjelder også for tiltak innenfor en reguleringsplans eller byggetillatelses rammer.³²

Audvar Os skreiv i etterkant av domen ein artikkel i Lov og rett 03/1976 om forholdet mellom lovene. I artikkelen skriv han særleg om ei sak frå Oslo byrett 18. september 1974, der retten uttalte angåande garasjebygging at godkjenning av eit byggverk etter bygningsloven ikkje er det same som at oppføringa av byggverket er i samsvar med grannelov. Os sa seg samd i at ein reguleringsplan ikkje avskjer grannelova. Han meinte likevel at eit gjeve byggeløyve der «naboenes protester har vært vurdert, for så vidt står i en prinsipielt sett annen stilling.»³³ Dette vert utdjupa med at bygningsloven sine spesialreglar må gå framom grannelova § 2 når det gjeld forhold som bygningsstypesmaktene har teke standpunkt til, når det gjeld oppføringar gjeve i samsvar med gyldig byggeløyve. Carl August Fleischer argumenterte på si side med at eit byggeløyve ikkje er det same som byggepåbod, og nettopp difor vil ikkje eit forbod etter grannelova vere i lovkonflikten med bygningsloven. Han meinte at viss «noe er tillatt etter lov A, betyr i seg bare det ene at nettopp *denne* lov ikke er til hinder for virksomheten». ³⁴

Samanfatta kan ein seie at det tospora systemet vil innebere at anleggskonsesjon etter energiloven gjer at eit vindkraftverk er lovleg etter offentlegrettslege reglar, men vil ikkje

³² Rt. 1974 s. 122, s. 129.

³³ Os (1976) s. 234.

³⁴ Fleischer (1976) s. 466.

nødvendigvis seie at tiltaket er i samsvar med andre regelsett, som grannelova. Derfor kan ein granne bruke gl. § 2 uavhengig av konsesjon, på lik linje med andre tiltak som er urimeleg eller uturvande til meins.

Jamvel om offentleg rett og grannelova i utgangspunktet er separate regelsett, kan ein hevde at offentlege vedtak og utgreiingar likevel har ein viss innverknad på korleis retten vil ta stilling til urimelegheitsvurderinga i grannelova § 2. Som nemnt ovanfor, krev konsesjon grundige vurderingar av konsekvensar, tiltak for å avgrense ulemper og samfunnssnytte og lønnsemrd. Vurderingane vil då i nokon grad ta utgangspunkt i dei same momenta og faktum.

På den andre sida vil mange ulemper vere tydelegare etter realisasjon av utbygginga, og vil ikkje nødvendigvis samsvere med konsekvensutgreiinga. I slike tilfelle vil retten naturleg legge mindre vekt på konsesjonen. Rt. 2011 s. 780 Jæren energi omhandla spørsmålet om eit vindkraftanlegg utgjorde brot på eigedomsretten til granne. I tingretten hadde Ingolv Helland, som var granne til eit påbyrja vindkraftanlegg eigd av Jæren Energi AS, anført at plasseringa av vindmøllene utgjorde brot på tolegrensa etter grannelova § 2, og kravde dermed retting etter gl. § 10. Högsterett la vekt på rapportar som var laga på vegne av Jæren Energi angåande sannsyn for ising og iskast.³⁵ Vidare argumenterte retten at fordi styresmaktene ikkje har sett ferdselrestriksjonar i vindparkområdet, kan ein anta «at dette skyldes at også myndighetene anser risikoen for at gjenstander eller is fra vindmøllene skal falle ned og forårsake skade, som helt minimal».³⁶ På dette grunnlaget kom retten til at faren for iskast er minimal, og vurderte ikkje ulempa noko meir opp mot urimelegheitskriteriet. Dette er eit døme på at retten vel å legge vekt på konsesjonen, både for faktum og vurderingane som er gjort. Det er klart at retten har moglegheita til å legge vekt på argumentasjon og avklaring av fakta som er gjort i eit forvaltingsvedtak. Ein kan likevel spørje seg om dette er tilfelle i Rt. 2011 s. 780, eller om retten legg til grunn konklusjonane som forvaltinga har gjort. Truleg vil retten leggje stor vekt på utgreiingar gjort i konsesjonsprosessen, grunna bruk av fagpersonar og grundige rapportar. Det er imidlertid viktig å minne om at retten ikkje er bunden av konsesjonsprosessen, jamfør prinsippet om det tospora systemet forklart ovanfor, der offentlege regelsett ikkje regulerer privatrettslege forhold. Vurderingar av kva som utgjer ei ulempa eller ein skade, og om desse er uturvande eller urimelege, er opp til retten å avgjere.

³⁵ Rt. 2011 s. 780 avsnitt 80.

³⁶ Ibid. avsnitt 83.

3 Om skade og ulempe

3.1 Skader og ulemper etter grannelova

3.1.1 Tilknytingskrav og årsaksfaktor

Grannelova § 2 har som formål å verne mot skader og ulemper som er urimelege eller uturvande. Føresegna etablerer tolegrensar for å balansere retten ein person har til å råde over sin eigedom mot retten grannen har til å sleppe påverknad på sin eigedom. Opphavet til denne regelen var at tolegrensene skulle sikre best utnytting av eigedom og tiltak ut frå eit samfunnssynspunkt, som Torkel Aschehoug argumenterte i 1887.³⁷

Eit spørsmål er kven som kan rammast av forbodet i grannelova § 2. Føresegna set opp eit vilkår om tilknyting til eigedom, jf. formuleringa «ingen må» sett opp mot «på granneeigedom». Ordlyden tilseier at alle som set i verk tiltak på ein eigedom kan gjerast ansvarleg. Det er klart at ei slik tilknyting må følgje av lovleg ráderett eller bruksrett, ettersom ulemper frå ulovlege tiltak ikkje skal ha ei tolegrense. For vindkraft er tilknytingskravet uproblematisk når det gjeld ansvarssubjekt. Konsesjonshavar og utbyggjar er klart å rekne som «ingen», jf. gl. § 2, og har klar tilknyting til eigedomen i form av konsesjon. Ansvarssubjektet treng ikkje vere eigar av eigedomen for å kunne vere ansvarleg; det avgjerande er om det ligg føre tilknyting i form av ráderett eller bruksrett.

Eit sentralt spørsmål i vindkraftsamanheng er kven som kan krevje skadebot eller retting som følge av brot på gl. § 2. Dette er eit spørsmål om kven som vert ramma av ulemper på granneeigedom. For det første må det avklarast kva som reknast som «granneeigedom». Granneomgrepene i føresegna er vidt, og er i juridisk teori rekna for å gjelde «så langt som skadane og ulempene rekker».³⁸ I grensetilfelle vil det vere spørsmål om adekvat årsakssamanheng, noko oppgåva ikkje går nærrare inn på.

For det andre er det eit krav om tilknyting til granneeigedomen. Ordlyden tilseier derimot ikkje at det berre er eigar av granneeigedom som kan omfattast, det same må kunne gjelde leigetakrar, servitutthavar eller dei med festeavtale, eller andre med langvarig tilknyting til

³⁷ Stavang og Stenseth (2016) s. 141.

³⁸ NOU 1982: 19 om generelle lovregler om erstatning for forurensningsskade, s. 22.

eigedomen. Grannelova § 2 som ansvarsgrunnlag skil seg dermed frå andre erstatningsformer, der ein person som tilfeldigvis oppheld seg på staden når ein skade oppstår, i staden må krevje erstatning etter ulovfesta objektivt ansvar eller culpaansvar jf. formuleringa «granneeigedom.

3.1.2 Skadevilkåret

Omgrepet «skade» i gl. § 2 tek i hovudsak sikte på fysiske skader og øydeleggingar. Ordlyden tilseier at alternativet dekkjer sjølve verknadane som eit tiltak har resultert i. Slik skade omfattar klart nok sjølve eigedomen, men ifølgje juridisk teori er også personar, dyr og lausøyre omfatta.³⁹ Grannelova. § 16 om fastsetjing av skadebot og vederlag ved brot på gl. § 2, omfattar klart personskade, jf. andre ledd. Ordlyden peikar ikkje på krav om at skader må skje gjentekne gongar eller bli påført over tid, og det er naturleg å leggje til grunn at skade omfattar enkelhendingar og enkeltskadar. Dette går også fram av Rådsegn 2, som seier at ordlyden er «så vid at det prinsipielt ikkje gjeld noko unnatak for eingongshendingar.»⁴⁰ Poenget er, som eg kjem tilbake til seinare, at skaden er stor nok til at den framstår som urimeleg eller unødig ut frå kva som er venteleg eller vanleg på staden. I mange tilfelle vil skade uansett utgjere erstatningsansvar etter andre ansvarsgrunnlag uavhengig av om det er tale om granneforhold, men det skal neppe mykke til for at konkret fysisk skade utgjer brot på tolegrensa i grannelova. Dette skal imidlertid ikkje drøftast nærmere her.

Sjølv om personskade i utgangspunktet er omfatta i gl. § 2, er spørsmålet om personskade er avgrensa av ei tolegrense, slik som andre typar skader. Spørsmålet var oppe i Rt. 1994 s. 681, som handla om ein mann som fekk psykiske skader etter lukt frå ei søppelfylling. Retten stilte seg tvilande til om ansvaret etter gl. § 2 ved personskade er avgrensa av ei tolegrense, og fann støtte i forarbeida, som seier at det er «nokså nokså tvilsomt om tålegrensebestemmelsen i granneloven § 2 også gjelder ved direkte skade på person». ⁴¹ Utvalet var derimot forsiktige til å ta eit endeleg standpunkt, og «lar derfor spørsmålet stå åpent, så vel når det gjelder personskader etter forurensningsloven som etter granneloven for øvrig.»⁴² Retten meinte at spørsmålet er meir praktisk å løyse etter alminnelege erstatningsreglar, og at det uansett ikkje er aktuelt å drøfte tolegrense dersom dei alminnelege reglane ikkje fører til erstatning.⁴³

³⁹ Stavang og Stenseth (2016) s. 148.

⁴⁰ NUT 1957: 3 Rådsegn 2, s. 27.

⁴¹ NOU 1982: 19 s. 79.

⁴² Loc. cit.

⁴³ Rt. 1994 s. 681, s. 686.

Retten gjekk ikkje vidare med spørsmålet, og løyste saka ved å finne at det ikkje låg føre årsakssamanheng mellom ulempene søppelfyllinga medførte, og skadane som personen fekk. At skade på person, anten det er fysisk eller psykisk, kan omfattast av skadeomgrepet i gl. § 2 og såleis fungere som ansvarsgrunnlag for erstatning, er altså semje om i rettspraksis og i forarbeida til grannelova, men det er usikkert om ansvaret vert avgrensa av ei tolegrense. Spørsmålet vil neppe kome på spissen, med mindre grannelova er einaste ansvarsgrunnlag. Dette kan tenkjast å gjelde langvarig påverknad som over tid kanskje kan flyte over frå ulempa til skade, som effekten av stråling eller magnetfelt.⁴⁴ Uansett vil nok direkte skade, anten på person eller eigedom og lausøyre, raskt passere tolegrensa, slik at terskelen for at skaden må reknast som urimeleg eller uturvande er låg.

3.1.3 Ulempevilkåret

Ulempeomgrepet i grannelova § 2 er, på same måte som skade, vidt. Ordlyden tilseier at det i større grad knyter seg til sjølve påverknaden ein granneigedom opplever frå eit tiltak, ikkje nødvendigvis at det medfører eit visst resultat materialisert som skade. I føresegna første ledd, siste setning, følgjer det at «inn under ulempa går òg at noko må reknast for farleg.» Typetilfelle av ulempa er støy frå anleggslass eller flyplass, lukt frå svineoppdrett, lakseoppdrett eller avfallslass, radiostøy frå kraftlinjer og nedfall av sot.⁴⁵ I forgjengaren til gl. § 2, naboloven av 1887 § 12, vart det som døme nemnt «saasom ved Røg, Gnister, Hede, Damp, Støy, Stank eller Larm». Rettspraksis viser at ved fleire ulempar må desse vurderast i samanheng, slik at dei har ein kumulativ effekt.⁴⁶ At ulempa-vilkåret må forståast som vidt, gjer at spørsmålet heller er om desse ulempene må reknast som urimelege eller uturvande. Dette kjem eg tilbake til seinare.

Eit spørsmål er i kva grad midlertidige ulempar oppfyller ulempekravet i grannelova. Etter naboloven av 1887 § 12 var det krav om varige eller gjentakande ulempar, medan eingongshendingar fall utanfor.⁴⁷ Seinare presiserte retten i Rt. 1969 s. 757 (Sandvika Gjestgiveri) at «man i alminnelighet ikke kan kreve erstatning for ulempar som skyldes et anleggssarbeid som, selv om det er forholdsvis langvarig, dog er av forbigående art», men retten gav likevel uttrykk for at støyen som gjestgiveriet i saka vart utsett for var sterkare enn

⁴⁴ Rt. 2007 s. 464.

⁴⁵ Falkanger og Falkanger (2016) s. 404.

⁴⁶ Rt. 1983 s. 152, s. 158.

⁴⁷ NUT 1957: 3, s. 8.

det dei etter tilhøva måtte vere budde på.⁴⁸ Retten set altså opp ein hovudregel om at midlertidige ulemper må aksepterast, og dermed ikkje skal reknast med i ei samla vurdering av tolegrensa. I denne saka var derimot dei midlertidige ulempene uturvande og dermed likevel over tolegrensa. Falkanger og Falkanger meiner dermed at kortvarige ulemper også kan vere omfatta av gl. § 2, men at varigheita av ulempa må inngå i urimelegheitsvurderinga med stor vekt. Dette synspunktet vil stemme best overeins med systemet føresegna legg opp til. Dersom ein brukar varigheita av ulempene som eit eige vilkår, vil mange saker bli avskore frå ei heilheitleg urimelegheitsvurdering der intensitet og følgjer av ulempene ikkje blir halde mot varighet som moment. Det avgjerande må vere at ulempen framstår som «urimeleg».

3.2 Om skader frå vindkraft

Dei fleste påverknader frå vindkraftanlegg må seiast å kunne kategoriserast som ulemper. Eit unntak som klart oppfyller skade-vilkåret er dersom iskast blir realisert og fører til skade. Ifølgje NVE har det ikkje vore rapportert om alvorlege personskader, men at det har vore tilfelle av materielle skader.⁴⁹ Skader kan likevel tenkjast å skje på bilar, personar, dyr eller bygg. I mange tilfelle vil det likevel vere upraktisk å ta stilling til skadeerstatning på naborechtsleg grunnlag, ettersom ein kanskje risikerer at ei eventuell tolegrense aukar terskelen for kva som kan krevjast erstatning for gjennom kvalifiseringa av vilkåret «urimeleg eller uturvande» i gl. § 2. På den andre sida vil det då ikkje vere krav om at tiltaket er farleg eller aktlaust, sidan gl. § 2 opererer med objektivt ansvar. Føresegna skil seg dermed frå objekt risikoansvar, sidan «det etter granneloven § 9 ikke nødvendig at skaden eller ulempen har sammenheng med et særpreget risikomoment.»⁵⁰ Som nemnt ovanfor, skal det likevel lite til før ein skade gjer at tolegrensa er passert, anten den skal reknast som uturvande eller urimeleg.

3.3 Om ulemper frå vindkraft

Eit sentralt spørsmål er kva for påverknader frå vindkraftverk som utgjer ulemper etter gl. § 2. Som nemnt innleiingsvis, er det visse skader og ulemper som viser seg særleg aktuelle i saker om vindmøller. Dette gjeld hovudsakeleg støy frå sjølve vindturbinen, fare for iskast frå

⁴⁸ Rt. 1969 s. 757, s. 760.

⁴⁹ NVE, 2018: iskast fra vindturbiner.

⁵⁰ NOU 1982: 19, s. 21.

vindturbin på vintertid, lysrefleksjonar som gjev plagsame refleksar mot granneeidet, og at vindmøller ofte er dominerande i landskapsbiletet og utgjer estetiske ulemper, gjerne kalla landskapsforureining, samt forstyrring av telekommunikasjonssignal. I tillegg har det vore motstand mot vindkraft knytt til utslepp av stoffet bisphenol A og generell mikroplast gjennom avflassing av epoxymaling frå vindmøllene.⁵¹ Dette er imidlertid utslepp som i større grad er eit miljørettsleg spørsmål for samfunnet som heilheit, og eventuelle ulemper ved mikroplast i drikkevatn og liknande har enda ikkje realisert seg i konkrete tvistar. Slik forureining kan naturlegvis påverke granneeidet i større grad enn andre, og etterkvart vere aktuell som ulempa etter gl. § 2, men slike saker har ikkje kome opp enda. Dermed vil dette ikkje bli drøfta ytterlegare. Spørsmålet er i kva grad slike ulemper er aktuelle i grannelova § 2.

Som del av Nasjonal ramme for vindkraft, utarbeidde NVE i 2018 «Temarapport om nabovirkninger». Rapporten legg fokuset på direkte verknader for grannar knytt til «synlighet, støy, skyggekast og lysmerking for luftfart, og hvordan dette igjen kan påvirke eiendomspriser og folkehelse».⁵² I tillegg nemner rapporten at sjølv om enkelte av påverknadane er objektive, vil opplevinga av dei i stor grad vere subjektive, mellom anna avhengig av personleg syn på vindkraft og lokale tilhøve til området og landskapet utbygginga skjer i. Når det gjeld eigedomsprisar vurderer NVE det slik at det ikkje kan påvisast generelle verdifall på eigedomar, og går ikkje nærmare inn på dette.⁵³ Som nemnt ovanfor i kapittel 2, følgjer det av det tospora systemet at offentlegrettslege løyve og vurderingar ikkje er bindande for urimelegheitsvurderinga i grannelova. Nettopp derfor er det sentralt å ta for seg ulempene som vert vurdert i forvaltinga, og å vurdere desse opp mot det grannerettslege skade- og ulempekriteriet.

3.3.1 Støy

Den kanskje mest omtala ulempa frå vindkraft er støypåverknad. Støy er enkelt forklart uønskt lyd, og vil derfor i seg sjølv utgjere ei ulempa som er relevant i naboretttsleg samanheng. NVE har i Temarapporten om nabovirkninger gjort greie for støyverknadane frå vindkraftanlegg. NVE har fastsett ein generell tilrådd grenseverdi for støy på Lden 45 dBA,⁵⁴

⁵¹ Norges miljøvernforbund 2021.

⁵² NVE, 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 4.

⁵³ Ibid. s. 31.

⁵⁴ NVE, 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 9.

som vil seie ei snittmåling gjennom døgnet, målt frå der støymottakar, i dette tilfelle granne, oppheld seg. Ifølgje NVE oppstår støy ved at blada på turbinen skjer gjennom lufta, og vil variere med hastigkeit, vingeform og turbulens.⁵⁵ Slik støy vil vidare variere stort, frå ikkje-høyrbar infralyd til høyrbar lavfrekvent og høgfrekvent lyd. I tillegg kan støyen variere med trykk- og temperaturforskjellar mellom vindturbinen og støymottakar, som kan føre til at vinden bøyer lyden, i tillegg til vindretning og hastigkeit.⁵⁶ Ifølgje rapporten vil støyen overdøyvast av naturleg vindsus ved vindstyrke på 8-10 m/s.⁵⁷ I naborechtsleg samanheng er det imidlertid av mindre betyding kva dei tekniske moglegheitene for støy tilseier, ettersom det er dei konkrete utsлага av ulempar som er sentralt. Ettersom ulempene skal vurderast konkret, kan også støy over tilrådinga utgjere ei så stor påkjenning at det er «urimeleg». Det er dessutan viktig å presisere at grenseverdien på Lden 45 dBA er ei tilråding, og at i visse tilfelle kan det bli gjeve løyve jamvel om støynivået er høgare ved påverka bustader. Det betyr at dersom dei fleste bustader i eit område ligg under den tilrådde støygrensa, må ein avgrensa krins personar som har «monaleg forverring av brukstilhøva» heller nytte tryggleiksventilen i gl. § 2 fjerde ledd. Denne føresegna skal oppgåva derimot ikkje gå nærmare inn på.

Ifølgje Temarapporten om nabovirkninger, vart det gjennomført ein studie av støy frå vindmøller i regi av Transportøkonomisk institutt i 2015, der grannar busett innanfor 2 kilometer frå nærmeste vindturbin deltok. Ifølgje NVE var støyplagene «betydelig høyere enn hva man har funnet i internasjonale studier, og enn det som er forutsatt i retningslinjen T-1442. Ved et støynivå på Lden 45 dBA rapporterte 42% av utvalget å være mye eller voldsomt plaget av støyen»⁵⁸ Av særleg betydning i denne samanheng er at jamvel om støynivået var på den tilrådde grenseverdien, er støyen klart å rekne som ulempa for deltakarane i undersøkinga. Om denne ulempa derimot er over den granneretslege tolegrensa, kjem an på ei konkret vurdering på staden.

Elles har WHO utarbeidd ei rettleiing for støy i Europa, der støy frå vindkraft er ein del av kunnskapsvurderinga.⁵⁹ I rettleiinga frå 1999 var det frykta at vindmøllestøy på sikt kunne føre til «søvnforstyrrelser, støyplage, kognitiv svekkelse, hjerte-karsykdom, psykisk helse og trivsel/velvære, hørselssvekkelse og tinnitus, samt mulige virkninger på foster som lav

⁵⁵ NVE, 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 9.

⁵⁶ Loc. cit.

⁵⁷ Ibid. s. 13.

⁵⁸ Ibid. s. 17.

⁵⁹ World Health Organization (WHO) 2018.

fødselsvekt og for tidlig fødsel som følge av støyeksposering under svangerskapet.»⁶⁰ I den nye rettleiinga frå 2018 fann WHO derimot lite eller ingen bevis på desse følgjene.

Temarapporten frå NVE nemner likevel undersøkingar som indikerer mogelege samanhengar mellom hjart einfarkt og vegstøy, men at tilsvarende undersøkingar om vindmøller har mangefullt kunnskapsgrunnlag.⁶¹

NVE sine eigne vurderingar av støy, på bakgrunn av klagesaker og undersøkingar, er at støy alltid skal vurderast i konsesjonshandsaming, der NVE normalt vil setje vilkår om maksimal grenseverdi. I vurderinga skal det visast omsyn til bygg med støysensitivt bruk, som i T-1442 omfattar bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skular, barnehagar, kontor og overnattingssstader.⁶² Det vert likevel presisert at fordi støy kan variere mykje, er det behov for skjønnsmessige vurderingar i tillegg til støyutrekningane.⁶³ I tillegg vedgår rapporten at i «noen saker kan det aksepteres at enkelte bygg får et støynivå som er over grenseverdien», men NVE forutset her at avbøtande tiltak blir detaljplanlagd, eller at tiltakshavar blir samd med påverka eigar av bustad.⁶⁴ At konsesjonshandsaminga inneheld skjønn illustrerer behovet for det tospora systemet, i og med konsesjonshandsaminga ikkje nødvendigvis har dei same omsyna og interessene dei skal verne, i tillegg til at ikkje nødvendigvis er samanheng mellom tolegrensa i gl. § 2 og kva vekt NVE legg på støyplagene i konkrete strøk.

Tilrådinga om støy vil truleg ha ei viss vekt av kva som må reknast som urimeleg støypåverknad. Som vist ovanfor, er utgangspunktet for vurderinga strøket granneeidomen ligg i, ikkje berre den einskilde grannetomta. I Rt. 1983 s. 152 tok retten stilling til om forvaltingsmessige retningslinjer kan ha innverknad på vurderinga for grannerettsleg tolegrense. Retten presiserte at i utgangspunktet skal retningslinjene berre vere rådgivande og «under ingen omstendighet kan ha direkte innflytelse utover det de tar sikte på.»⁶⁵ Vidare argumenterte retten at styresmaktene sidan 70-talet «har erkjent at støyplagen var et alvorlig problem både trivsels- og helsemessig, og at samfunnet måtte gjøre en innsats for å bekjempe den», og dermed kan styresmaktene sitt syn på akseptabel støyplage vere eit moment som må gå inn i vurderinga i grannelova.⁶⁶ Det vart likevel minna om at tolegrensa skal fastleggast

⁶⁰ NVE 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 15.

⁶¹ Ibid. s. 19.

⁶² Ibid s. 12 og 21.

⁶³ Loc. cit.

⁶⁴ Ibid. s. 22.

⁶⁵ Rt. 1983 s. 152, s. 159.

⁶⁶ Rt. 1983 s. 152, s. 159.

konkret, og dermed er det ikkje alltid samsvar med støytirådingane. Frå dette kan ein slutte at retningslinjene til forvaltinga, i denne samanhengen NVE, kan vere eit moment i urimelegheitsvurderinga, jamvel om den ikkje er bindande.

3.3.2 Skuggekast

Skuggekast blir forklart som at når vindturbinen er posisjonert mellom solskiva og staden ein ser frå, kalla skuggekastmottakar, kan det oppstå «pulserende skygger som kan oppleves sjenerende ved opphold i vindkraftverkets nærområde», men at effekten er liten ved 1000 meter avstand.⁶⁷ NVE har utarbeidd tilrådde grenseverdiar for bygg med skuggesensitivt bruk, som vil seie bustader, skular, sjukehus og aldersheim, hotell og kontor, samt i viss tilfelle kyrkjer, parkar, turmål, hamneanlegg og definerte turmål og utsiktspunkt.⁶⁸ Grenseverdiane er at slike bygg ikkje bør utsetjast for faktisk skuggekast i «i mer enn 8 timer per år eller for teoretisk skyggekast i mer enn 30 timer per år eller 30 minutter per dag.»⁶⁹ Rapporten viser også til studium der skuggekast ikkje vart påvist å føre til helseverknader, men at problemet i første rekkje er plagreaksjonar i kombinasjon med andre ulemper som støy. I Rt. 1991 s. 1281 var det imidlertid også hevda at bevegande skuggar på bakken utgjorde ei ulempe. Det er klart at skuggekast må inngå i ei samla vurdering av alle ulemper som gjer seg gjeldande. Truleg vil skuggerefleks hovudsakeleg vere eit problem når granneeidet er så nær at også støy er eit tydeleg problem, men dette må vurderast konkret. NVE si vurdering av skuggesensitiv busetnad er ikkje ei bindande kategorisering i urimelegheitsvurderinga, men generelt er nok inndelinga samanfallande med grannar der skuggekast som ulempe særleg vil kunne vere urimeleg.

3.3.3 Visuelle verknader

Visuelle verknader er også greidd ut om i temarapporten frå NVE. Visuelle verknader vil seie, som nemnt ovanfor, at store vindmøller er synlege på lang avstand og kan vere dominerande i landskapsbiletet, og dermed utgjere ei estetisk ulempe. NVE legg til lysmerking og refleksjon av sollys frå turbinane som visuelle ulemper, men opplyser raskt at refleksblink ikkje har vist seg særleg problematisk på generell basis.⁷⁰ Vindmøllene kan vere synlege frå opptil 50

⁶⁷ NVE, 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 22.

⁶⁸ NVE 2014: Skyggekast fra vindkraftverk, s. 7.

⁶⁹ Loc. cit.

⁷⁰ NVE, 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 24 og 28.

kilometer avstand, og NVE legg til grunn at dei kan gi «vesentlig visuell påvirkning på avstander opp til 15-20 kilometer».⁷¹ Dette er imidlertid avhengig av tal på vindturbinar, topografi og storleik på vindturbanane. I konsesjonshandsaminga legg NVE hovudsakeleg vekt på påverknad på nær busetjing, altså innanfor «den ytre dominanssonen (ca. 1-1,5 kilometer)», eller 8-10 gangar høgda på vindmølla, som vil seie det området der turbinen ikkje lenger er åleine om «å dominere det visuelle inntrykket, men hvor de øvrige omgivelsene også spiller inn».⁷² I visse områder meiner NVE dessutan vindmøller kan gi «visuell totaldominans når avstanden er så liten at betrakteren ikke kan observere hele objektet, men må bevege blikket for å kunne se alle delene.⁷³» Dette er normalt rekna til nærliek på tre gangar høgde på objektet. Som nemnt ovanfor, er granneomgrepet vidt, og strekker seg så langt ulempene rekk. Dette betyr at jamvel om avstandar på 20 kilometer i dagleg tale ikkje er å rekne som granne, vil visuelle ulemper i form av landskapsdominans kunne gjerast gjeldande som ei ulempe etter gl. § 2. Det sentrale vert i staden om ulempa er så stor at den er urimeleg. Når det gjeld NVE si vurdering av «den ytre dominanssonen», vil det vere vanskeleg å fastlegge når vindmøllene ikkje lenger er dominerande i landskapet. For det første vil dette variere etter tilhøva, og for det andre er det usikkert om terskelen for når vindmøllene er ei visuell ulempe, bør plasserast når «de øvrige omgivelsene også spiller inn». NVE seier dessutan sjølv at talet på turbinar kan ha større innverknad på det visuelle inntrykket enn storleiken på den einskilde turbin, samt at moment som naturleg utsynsretning, bakgrunnsdekning og nærliek til andre bygg også kan ha innverknad.⁷⁴ Dette støttar opp behovet for ei konkret vurdering der ein ser på fleire faktorar.

Ein ulempe som skil seg ut for vindkraftanlegg er visuelle plager i form av lysmerking av omsyn til luftfart. Ved vindmøller som er høgare enn 60 meter, er det krav om merking med farge og hinderlys, som også kan utgjere ei ulempe i samanheng med landskapsforureining.⁷⁵ Slik merking skal skje ved farge og lys på alle vindturbinar som utgjer vindparkens perimeter, samt at det kan krevjast at også høgste vindturbin eller sentrum av parken kan merkast. Slike merkelys kan i visse tilfelle framstå som ei ulempe for granne, då særlig ved større anlegg. Vindmøller med totalhøgd på 150 meter må merkast med «mellomintensitets hinderlys» som er raudt fast eller blinkande, medan det ved totalhøgd på over 150 meter er krav om

⁷¹ NVE, 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 25.

⁷² Ibid. s. 24 og 28.

⁷³ Ibid. s. 25.

⁷⁴ Loc. cit.

⁷⁵ Forskrift 15. juli 2014 nr. 980 om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder, § 2, jf. § 10.

høgintensitets hinderlys med kvitt blinkande lys på dagtid og kvitt eller raudt blinkande lys i mørket. I tillegg til dette er det krav om to hinderlys plassert på nacellen, altså den delen av navet som inneholder generatoren.⁷⁶ Eit poeng her er at det frå eit offentlegrettsleg synspunkt er viktig å sikre mot skade, i form av luftfartskollisjon, samstundes utgjer ei ulempe i grannerettsleg forstand.

3.3.4 Signalforstyrringar

Også signalforstyrringar på TV, radiokommunikasjon og internett har vore ulempar som har oppstått på grunn av vindkraftanlegg.⁷⁷ I forslag til nasjonal ramme frå NVE i 2019 er det greidd ut om signalforstyrringar, der det står at signalforstyrringar kan skje ved nærfelteffektar, diffraksjon og refleksjon/spreiing.⁷⁸ For å unngå forstyrringar på radiolinjer, opplyser NVE at ein kan plassere vindturbinar utanfor visse klareringssoner, eventuelt flytte radioantennar som vert påverka.⁷⁹ Når det gjeld TV, er det det digitale bakkenettet, som består av basisnett og satellittkuggenett, som kan bli påverka. Dette skjer ved spreiing av signal viss vindturbinen ligg mellom sendar og mottakar, særleg på lik linje.⁸⁰ Norges televisjon AS har kome med innspel til problemet i rammeplanforslaget, og stiller seg kritiske til NVE si vurdering av avbøtingstiltak, som mellom anna omhandlar at personar som blir ramma av dette kan bytte til andre TV-plattformar, og andre tiltak på sjølve mottakarantenna.⁸¹ Som motsvar på dette har NVE sagt at deira vurdering er at avbøtande tiltak likevel kan gjennomførast, og at i alle høve vil påverknad av tv-signal måtte vurderast opp mot samfunnsnytta ved vindparken i konsesjonsbehandlinga. Som nemnt i kapittelet om det tospora systemet, er det slik at jamvel om ei ulempe for granne blir sett på som akseptabel i forhold til samfunnsnytta i ei konsesjonsbehandling, vil ulempa kunne drøftast etter grannelova.

⁷⁶ NVE 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 27.

⁷⁷ Lorentsen, Hilde Mangset, 6. nov. 2018.

⁷⁸ NVE, 2019: Forslag til nasjonal ramme for vindkraft s. 66.

⁷⁹ Loc. cit.

⁸⁰ Loc. cit.

⁸¹ Ibid. s. 67.

3.3.5 Iskast

I 2018 publiserte NVE ein rettleiar om handtering av risiko for iskast i norske vindkraftverk.⁸² Rettleiaren opplyser om iskast frå blada på vindturbin som ein sjeldan, men alvorleg fare dersom det treff «folk, dyr, biler, bygninger og veier m.m. som befinner seg i nærheten av vindturbinen.»⁸³ Ulempa vart også anført av granne i Rt. 2011 s. 780. Slik fare for iskast må klart reknast som ulempe, jf. gl. § 2 første ledd, siste setning om når noko «må reknast for farleg». Faren må drøftast konkret ut frå nærleik til granneeid, lokale vêrtilhøve og klima, samt avbøtande tiltak. NVE har som standardvilkår for konsesjon til vindkraftanlegg at omfang og risiko for skade ved iskast skal vurderast, og krav om fareskilt ved tilkomstvegar, viktige skiløyper og turstiar. I tillegg er tiltak som aviseringssystem mogleg, men at dette ikkje kan utelukke faremomentet.⁸⁴ Tiltakshavar sine vurderingar av risiko for iskast, samt NVE sine risikorettleiarar, vil truleg kunne leggjast stor vekt på i den konkrete ulempevurderinga.

Eit anna spørsmål er om faremomentet om iskast kan utgjere ei ulempe sjølv om iskast ikkje kan treffe granneeid. Vindturbinane vert gjerne plassert i tilstrekkeleg avstand til eigedomsgrenser slik at iskast ikkje vil treffe bustader og andre bygg. I slike tilfelle er det oftast utmarksbeite som det er fare for iskast på. I Rt. 2011 s. 780 argumenterte grannen for at faren for iskast på beite. Dette vart vurdert som lite sannsynleg og at det dermed ikkje utgjorde eit stort nok faremoment til at det var ei urimeleg ulempe. Derimot er det vanleg å kunne ferdast i utmark i sitt nærområde og nytte allemannsretten. Faren for iskast nært og på eigedom der vindkraft er bygd ut, kan tenkjast å utgjere ei ulempe i form av avgrensa ferdsel i natur. Dette er i så fall i utgangspunktet ei ulempe som rammar alle, og som såleis ikkje oppfyller vilkåret om tilknyting til granneeid. Likevel er det klart at ein gjerne nyttar nærområdet sitt som stad for friluft og anna ferdsel. Dersom faremomentet gjeld store delar av nærområdet, til dømes på mindre øyar, kan ein truleg legge dette til grunn om ei ulempe, og heller ta den nærrare drøftinga i urimelegheitsvurderinga.

3.3.6 Midlertidige ulemper frå vindkraft

Eit spørsmål er om midlertidige inngrep og påverknad under utbyggingsprosessen av vindkraftanlegg utgjer granneretslege ulemper. Sjølve utbyggingsprosessen fører til stor

⁸² NVE, 2018: iskast fra vindturbiner.

⁸³ Ibid. s. 4.

⁸⁴ Ibid. s. 8.

aktivitet i elles urørt område, med auka ferdsel med maskiner og arbeidrarar, bygging av midlertidige vegar og sprengingsarbeid har klar innverknad på folk i nærområdet. Som regel vil dette også føre til avgrensa moglegheit til ferdsel og friluftsliv i området, i alle fall midlertidig. Som vist ovanfor, har rettspraksis som utgangspunkt at midlertidige ulemper må tolast, men at i visse tilfelle kan dei bli urimelege eller uturvande. Dette kan særleg tenkast i samanheng med momentet om kva som er teknisk og økonomisk mogleg å avgrense, i tilfelle der tiltakshavar kunne hindre midlertidige ulemper raskare. Juridisk teori er av den oppfatning at også midlertidige ulemper kan reknast med, men at varigheita er eit sentralt synspunkt for om dei er urimelege. I vindkraftsamanheng må nok auka ferdsel med maskin og anleggssarbeid tolast, ettersom det er vanskeleg å unngå. Derimot vil påverknad på drikkevatn kunne reknast som ulempa dersom varigheita er lenger enn utbyggingsfasen, og dermed ikkje lenger er av «forbigåande art».

3.3.7 Særleg om naturmangfald

I grannelova § 2 andre ledd, siste setning følgjer det at det skal «jamvel takast omsyn til naturmangfaldet på staden». På same måte som momentet om kva som er teknisk og økonomisk mogleg for å avgrense skaden eller ulempa, er også momentet om naturmangfaldet på staden aktuelt både i urimelegheitsvurderinga og uturvandevurderinga, men momentet er naturleg å behandle her, i samanheng med ulempene fra vindkraft. Ordlyden i føresegna peikar på naturmangfoldloven sitt formål i § 1, som er ivaretaking av «naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske interesser» gjennom «bærekraftig bruk og vern».⁸⁵ Inkludert i formålet er også at ivaretaking skal «gi grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.» Verknadane vindkraftverk har på naturmangfald og lokalmiljø er dermed nært knytt til vurderinga av urimelege ulemper.

I Forslag til nasjonal ramme har NVE greidd ut om verknader for miljøinteresser, der særleg fugl, flaggermus, villrein, naturtypar og samanhengande naturområde, friluftsliv og anna dyreliv er framheva.⁸⁶ NVE presiserer at vindkraftverk ikkje berre består sjølvé vindturbinane, men også internvegar, oppstillingsplassar og kabelgrøfter. Dette er delar av kraftverket som i mindre grad vil påverke andre eigedomar på same måte som støy og iskast, men er særleg

⁸⁵ Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).

⁸⁶ NVE 2019: Forslag til nasjonal rasjonal ramme.

sentralt for visuelle ulemper i lokalmiljøet og sjølve naturmangfaldet. Vindkraftverk blir gjerne plassert i eigna område med mykje vind, som gjerne er urørt natur frå før. Dermed vil alle varige installasjonar utgjere tydelege inngrep i naturen.

Motstanden mot vindkraft, som nemnt innleiingsvis, baserer seg i stor grad på argumentasjon om naturinngrep og skade på dyreliv og fauna. Spesielt er påverknad på fuglehekking og fugledød sentrale problem, samt avgrensing av mogleg ferdsel i urørt natur. I Rt. 2011 s. 780 (Jæren Energi) vart vern av fugl nemnt. Grinnen som meinte seg utsett for ulemper argumenterte for at utbyggjar kunne hindra ulempene han vart påført ved å innlemme hans eigedom som ein del av vindparken. Retten presiserte her at for det første var dette opprinneleg planlagt, men at Helland nekta. For det andre var det ønskjeleg å halde delar av Helland sine utmarksområder utanfor vindparken fordi dei var tilhald for fuglearten sørleg myrsnipe.⁸⁷ Eit interessant poeng her er at fuglearten var vurdert i konsesjonsprosessen som grunn til ikkje å byggje ut, men vart ikkje drøfta av retten under momentet om naturmangfaldet på staden. Ein kan påstå at retten ikkje fullt ut drøfta momenta som skal leggjast vekt på i urimelegheitsvurderinga. Alternativt kan grunnen vere at myrsnipa ikkje i same grad vert ramma av vindpark på granneigedom som sjølve utbygginga på utmarksområde ville vore.

Dette reiser imidlertid spørsmålet om momentet om naturmangfald på staden også kan hevdast som skade eller ulempa på tiltakseigedomen, eller om momentet berre gjeld på granneigedom. Ordlyden i lova tilseier at «på staden» er større enn «granneigedom». Som nemnt i ovanfor, vil dessutan påverknad på naturmangfald ha betydning for mogleg ferdsel og bruk av allemannsrett, særleg i samanheng med faren for iskast. Truleg må det leggjast til grunn at naturmangfaldet på tiltakseigedomen er relevant i urimelegheitsvurderinga og uturvandevurderinga.

Eit anna aspekt med naturmangfald ser at påverknad på dyreliv kan tenkjast å utgjere ei sjølvstendig ulempa. Det har vore debatt i media om funn av skada eller drepne fuglar og særleg ørn i områder med vindkraftanlegg. Å stadig støyte på slike funn kan tenkjast å utgjere ei viss påkjenning og ubehag. Skade på biodiversitet vil også fjerne mykje av særpreget med eit lokalmiljø og kan truleg tenkjast relevant som ulempa.

⁸⁷ Rt. 2011 s. 780 avsnitt 93.

3.3.8 Spørsmålet om vindtilhøve på granneeidom

Eit spørsmål er om vindmøller som påverkar vindtilhøve på granneeidom kan utgjere ei ulempe etter grannelova. Rt. 2011 s. 780 Jæren energi, omtalt tidlegare, handla om spørsmålet om eit vindkraftanlegg utgjorde brot på eigedomsretten til granne. Ingolv Helland var granne til eit vindkraftanlegg eigd av Jæren Energi AS. Han hevda at plasseringa av vindmøllene utgjorde brot på tolegrensa etter grannelova § 2, og kravde dermed retting etter gl. § 10. For Högsterett hevda Helland i tillegg at plasseringa av vindmøllene gjorde krenking av hans eigedomsrett «ved at hans mulighet til å utnytte vindkraften over sin eiendom reduseres». ⁸⁸ Eit interessant poeng er at hovudargumentet til Helland er krenking av eigedomsretten. Subsidiært hevda han at reduserte vindtilhøve utgjorde ei ulempe etter gl. § 2.⁸⁹

Spørsmålet er dermed om påverknad av vindtilhøva hjå grinnen krenker hans eigedomsrett. Eigarskap til fast grunn «vil innebære at grunneieren som utgangspunkt har rett til å utnytte luften – og vinden – over egen eiendom.»⁹⁰ Eigarskap til fast grunn medfører likevel ikkje eigedom til lufta, fordi «luft som substans er eierløs». ⁹¹ Også retten seier at «luft er ikke underlagt eiendomsrett.»⁹² Retten la dermed til grunn at vindkraftanlegget kunne utnytte vinden jamvel om dette kunne påverke moglegheitene til grinnen si utnytting av vinden. Saksøkjar i saka hevda analogisk bruk av vannressursloven slik at for vind burde det gjelde ei rettferdig fordeling, slik som vassdrag og grunnvatn. Retten uttrykte stor skeptisk til slik analogi. Grunngjevinga var at reguleringa av vassressursar har lang historie og er nøyde utforma over tid, medan vindkraft er relativt nytt. Dette, samt målretta politisk styring av vindkraftutbygging, måtte tale mot å lage nye reglar gjeldande for vindkraft, og at slike reglar må vere ei oppgåve for lovgjevar.⁹³ Ein kan stille spørsmål ved om retten her i større grad burde lagt vekt på argumenta til saksøkjar. Vatn og vind har nokre like eigenskapar som naturressurs, både i nytte for samfunn og grunneigar, men også ved at begge er passerande ressursar på ein eigedom før det går vidare til neste eigedom. Retten var likevel klar på at nettopp fordi vindkraft omfattar mange ulike interesser, både private og offentlege, er det meir naturleg at ei framtidig lovgjeving vil opne for ei grundigare vurdering av omsyna og

⁸⁸ Rt. 2011 s. 780 avsnitt 18.

⁸⁹ Ibid. avsnitt 35.

⁹⁰ Ibid. avsnitt 60.

⁹¹ Falkanger og Falkanger (2016) s. 101.

⁹² Rt. 2011 s. 780 avsnitt 60.

⁹³ Ibid. avsnitt 68.

interessene som gjer seg gjeldande enn dersom dette vert avgjort i einskilde saker for domstolane.⁹⁴

Når det gjeld den faktiske eigedomsretten oppover, altså vern mot aktivitet i luftrommet over eigedomen, er det i Rt. 2011 s. 780 ikkje snakk om at vindmøllene strekte seg inn over grensa. Vindblada var på det nærmeste 3,7 meter frå grensa i ei høgde på 80 meter over bakken.⁹⁵

Det andre spørsmålet i saka var vindpåverknad som ulempe. Retten vedgår at det er ei ulempe for Helland at ved visse vindretningar vil turbulens frå Jæren Energi redusere vindtilhøva på eigedomen til Helland, og at dette reduserer moglegheitene hans til å utnytte desse vindressursane i framtida.⁹⁶ Ulempa var derimot ikkje sett på som realistisk, då det ikkje låg føre konsesjon eller planar om å bygge vindkraft på Helland sin eigedom. Retten tok ikkje stilling til om vurderinga ville blitt annleis dersom det hadde lege føre realistiske planar.⁹⁷ Ein kan her spørje seg kva verknad realistiske planar eller gjeven konsesjon ville hatt.

Turbulensen frå vindmøllene til Jæren Energi ville utan tvil påverka vindtilhøva hjå Helland negativt og såleis utgjort ei ulempe. På den andre sida vil urimelegheitsvurderinga legge vekt på kva som er «teknisk og økonomisk mogeleg å gjera for å hindra eller avgrensa skaden eller ulempa», jf. gl. § 2 andre ledd. Å flytte allereie planlagde og påbyrja vindmøller for å avgrense därleg utnytting av grannen sine vindmøller som enda ikkje er bygd, gjev ikkje mykje mening frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv, og går truleg ut over kva som er «økonomisk mogeleg», noko eg kjem tilbake til seinare. I eit slikt spesielt tilfelle må det truleg vere snakk om eit førstemann til mølla-prinsipp, der tiltakshavar naturlegvis er først ute, og såleis vil formålet om best mogeleg utnytting av ressurs og eigedom, saman med økonomisk mogeleg-momentet, tilseie at ulempa ikkje er urimeleg. I praksis kjem spørsmålet neppe på spissen, sidan konsesjonshandsaminga vil vektleggje allereie gjevne konsesjonar i området, og ta dette inn i vurderinga av kva som er samfunnsmessig rasjonelt.

Summert opp kan ein dermed seie at påverknad på vindtilhøve på granneeidom kan vere ei ulempe, men at tolegrensa er høg i tilfella der grannen ikkje har eigen vindkraft eller i det minste har realistiske planar om bygging.

⁹⁴ Rt. 2011 s. 780 avsnitt 68.

⁹⁵ Ibid. avsnitt 11.

⁹⁶ Ibid. avsnitt 80.

⁹⁷ Ibid. avsnitt 98.

4 Om uturvande-vilkåret

4.1 Generelt om uturvande-vilkåret i lova

Eit av dei sentrale kriteria for ansvar eller krav på retting etter grannelova er at skaden eller ulempa på granneeigedom er «uturvande eller urimeleg», jf. gl. § 2. Det er snakk om alternative vilkår, der det er nok at det eine vilkåret er oppfylt. Formuleringa «uturvande» betyr unødig eller unødvendig. Kriteriet tek i første rekke sikte på tilfelle der sjølve tiltaket er uturvande, som viss tiltaket ikkje har anna formål enn å påføre skaden er ulempa. I Rådsegn 2 er vilkåret presentert som ein lågare terskel enn urimelegkriteriet: «Jamvel om ei åtferd, eit tiltak eller eit tilstand ikkje gjer så mykje ugagn at det i alle tilfelle laut reknast for urimeleg, er ikkje dermed sagt at det bør vera lovleg.»⁹⁸ Det er det presisert at kriteriet først og fremst gjeld sjikane, «men grip noko vidare.»⁹⁹ Kriteriet omfattar også tilfelle der tiltaket har eit formål utanom sjikane, men der ulempa eller skaden er uturvande, typisk ved at det kunne vore unngått. Spørsmålet er dermed om ulempa frå vindkraft i konkrete situasjonar kan vere uturvande, og kva som i tilfelle er kriteriet for dette.

4.2 Momentet om teknisk og økonomisk mogleg

I grannelova § 2 andre ledd følger det at det i avgjerala om noko er uturvande eller urimeleg, «skal det leggjast vekt på kva som er teknisk og økonomisk mogeleg å gjera for å hindra eller avgrensa skaden eller ulempa». Momentet inngår i den konkrete heilheitsvurderinga av uturvande skader og ulempar. Ordlyden tilseier at det er kumulative vilkår, som betyr at sjølv om det er praktisk/teknisk mogleg å hindre eller avgrense følgjene av tiltaket, må det også vere økonomisk mogleg. Dette er ei avgrensing av kor langt tiltakshavar må strekke seg. Momentet kan til ei viss grad sjåast i samanheng med målsettinga om best mogleg eigedomsutnytting for begge partar, der det er «er det om å gjera å få lagt rettsreglane såleis til rette, at eigedomane vert til mest mogeleg nytte for eigarane og dermed for samfunnet i det heile.»¹⁰⁰ Poenget er at tiltakshavar har ei plikt til å avgrense eller hindre skaden, men plikta blir avgrensa av kva som er praktisk mogleg, samt økonomi. Omsynet til eigedomsutnytting

⁹⁸ NUT 1957: 3, s. 26.

⁹⁹ Loc. cit.

¹⁰⁰ Ibid. s. 17.

tilseier at momentet i gl. § 2 tek sikte på ei avvegning der det skal mykje til for at ulempa er uturvande viss avgrensing av ulempa er kostbar eller teknisk vanskeleg. Omvendt vil ei ulempa lettare vere uturvande dersom tiltakshavar lett og billeg kunne unngått ulempa. Ei ulempa eller skade vil dermed vanlegvis ikkje reknast som unødig viss den er forsøkt avgrensa. På tilsvarende måte er momentet til støtte for ønskja utnytting av granneeigedomen, slik at ulemper og skader som framstår som uturvande, ikkje skal stå i vegen eller påverke grannen si eiga utnytting.

Eit spørsmål i denne samanheng er om plikta til å avgrense ulempa er større enn tilsvarende plikt som konsesjonær har etter energilovforskrifta, jf. ovanfor i kapittel om avgrensinga av konsesjonären si plikt til å sørge for minst mogleg miljø- og landskapsmessige ulemper for allmennheita «i den grad det kan skje uten urimelige kostnader eller ulemper for konsesjonær.»¹⁰¹

Det tekniske eller økonomiske moglege er sterke moment om kva som kan krevjast av tiltakshavar.¹⁰² I Rt. 1969 s. 757 (Sandvika Gjestgiveri) formulerte problemstillinga som eit spørsmål om støyplagene kunne «karakteriseres som en nødvendig følge av anleggssarbeidene», og la uttale at ein kunne anta at tiltakshavar kunne oppnådd «en betydelig forbedring uten uforholdsmessige omkostninger».¹⁰³ I Rt. 1981 s. 343 Bybrua i Stavanger var spørsmålet om støy og støvnedfall utgjorde unødige ulemper. Ein sakkyndig i saka uttalte at bygging av ein viss type rekksverk kunne redusere støy og støv betydeleg. Retten uttalte at ulempene måtte reknast som «uturvande» «Dersom en vesentlig reduksjon av støy- og støvulemper kunne oppnås uten særlig store omkostninger ved en noe endret rekksverkkonstruksjon.»¹⁰⁴ Stavang og Stenseth meiner at ordlyden i domen peikar mot ein terskel der reduksjonen av ulempene må vere markert større enn kostnadane.¹⁰⁵ Samanfatta kan det verke som om juridisk teori og rettspraksis legg opp til ei plikt til avgrensing som liknar på plikta etter konsesjonshandsaminga, men dette er vanskeleg å slå fast. Uansett må forholda vurderast konkret.

Når det gjeld kva som er teknisk og økonomisk mogleg i vindkraftsaker, er det sistnemnte momentet som er det sentrale. Dei tekniske moglegheitene for å hindre ulemper må ein kunne

¹⁰¹ Energilovforskrifta § 3-5 (b).

¹⁰² Falkanger og Falkanger (2016) s. 408.

¹⁰³ Rt. 1969 s. 757, s. 760.

¹⁰⁴ Rt. 1981 s. 343, s. 347.

¹⁰⁵ Stavang og Stenseth (2016) s. 155.

anta å vere mange, mellom anna å endre drift, storleik og plassering av vindmøllene, stillstand på visse tidspunkt eller ved visse vindstyrker, maling av delar av turbinen for å hindre kollisjon med fugl m.m. Sjølv om tiltak for å avgrense ulemper er mogleg både før og etter utbygging, er det lettare og rimelegare å gjere slike endringar før driftsfase. Eit problem i denne samanheng er at ikkje alle ulemper gjer seg synlege før driftsfasen, ettersom dei konkrete ulempene må realisere seg over tid. Dermed vil avhjelpende tiltak kunne bli langt dyrare å gjennomføre, noko som kan tale for at dette ansvaret avgrensast av «økonomisk mogleg». På den andre sida kan det tenkjast at ny teknologi gjer nye tiltak moglege og billigare. Dersom vindkraftanlegg let vere å innføre avhjelpende tiltak, kan det tenkjast at ulempene i større grad blir uturvande.

Eit døme på avbøtande tiltak rundt vindkraft er lysmerking for luftfart, som nemnt ovanfor. NVE vurderer i temarapporten om naboverknader at «begrensing av lysmerking kan være et fornuftig avbøtende tiltak i enkelte tilfeller.»¹⁰⁶ Andre tiltak som kan tenkjast er radarsystem som gjer at hinderlys berre er påslått når fly er i næleiken. NVE opplyser at slike system stort sett ikkje er godkjent i Noreg, og at dei er «så dyre at dette bare bør vurderes på steder der svært mange naboer vil kunne se lysene.»¹⁰⁷ Dermed vil momentet om kva som er teknisk og økonomisk mogleg tale mot at lysmerkinga er urimeleg. Det er likevel viktig å påpeike at jamvel om eit slikt tiltak er vurdert som for dyrt til å setje som konsesjonsvilkår, vil ulempa kunne vere urimeleg etter grannelova. Dette er to ulike vurderingssett, og må i det sist nemnte tilfelle vurderast konkret etter strøket. Rettspraksis tyder likevel på at kostnadssynspunktet har stor vekt.

I Rt. 2011 s. 780 Jæren Energi vart det anført at vindparken måtte endre planane om plassering for dei 6 nærmaste vindturbinane, slik at dei ikkje var nærmare enn 200 meter frå eigedomsgrensa til granne. Motpart hevda på si side at flytting av vindturbinane i praksis vil seie at dei blir tekne ut av prosjektet, noko som medfører redusert kraftproduksjon med 21%. Retten kom til at plasseringa av vindmøllene ikkje var unødvendige, altså ikkje uturvande, med grunngjevinga at plasseringa er ut frå optimal kraftproduksjon i høve til konsesjonen.¹⁰⁸ Det er vanskeleg å setje ei nedre grense for kva som skal til for at økonomiske kostnadalar gjer at ulempene ikkje er uturvande, men heldt opp mot formålet med konsesjonen og vindparken,

¹⁰⁶ NVE 2018: Temarapport om nabovirkninger, s. 27.

¹⁰⁷ Loc. cit.

¹⁰⁸ Rt. 2011 s. 780 avsnitt 92.

er det naturleg å seie at kostnadane ved å flytte vindmøllene er så stor at det ikkje er «økonomisk mogleg».

I domen Rt. 1991 s. 1281 var spørsmålet om ei vindmølle nært eit bustadfelt gjekk over tolegrensa i gl. § 2. Fire grannar fekk delvis medhald i lagmannsretten, der retten kom til at vindmølla berre skulle vere i drift mellom kl. 09-16 frå 1. mai til 31. august. Grannane anka til Högsterett med påstand om fullstendig driftsstans av vindmølla. Ulempene anført var i hovudsak støy, men også faremoment ved iskasting og at mølla «løper løpsk», samt visuelle effektar i form av roterande skuggar og verdifall på eigedomane. Högsterett la til grunn at tiltak vil måtte gjerast for å dempe støyplagene, men at iskast og «løpsk» mølle var for liten sjanse for. Verdiredusjon kom retten til var usikkert, i alle høve minimal når retten påla driftsrestriksjonar på vindmølla. Ein ser altså at her kom retten til tiltak som hindra eller avgrensa ulempene grannane opplevde. Kostnadane for tiltaka vart ikkje teke stilling til. Motparten, Jæren folkehøgskule, hadde hevda at eventuell flytting av vindmølla ville bli kostbart, men ingenting om at driftrestriksjonar ville redusere inntening eller medføre auka bruk av innkjøpt kraft. Samanlikna med vektlegginga av produksjon og kostnadar i høve konsesjonen i Rt. 2011 s. 780, ser det ut til at det har stor betyding for saka om formålet med vindmøllene er kraftproduksjon for marknaden og at det er konsesjon inne i biletet.

Det er likevel viktig å merke seg at i Rt. 1991 s. 1281 var det ikkje konkret vilkåret om «uturvande» ulempar som kom på spissen. Domen gir mest ein peikepinn for kor terskelen ligg i momentet kva som er «teknisk og økonomisk mogeleg å gjera for å hindra eller avgrensa skaden eller ulempa» på generelt grunnlag, ettersom momentet gjeld både for urimelegheitsvurderinga og uturvandevurderinga. Samanfatta kan det seiast at det truleg er få tilfelle der ulempar frå vindkraft er å rekne som uturvande, ettersom det i konsesjonsprosessen er grundige vurderingar om formål med tiltaket, samt moglege tiltak for å dempe ulempar. Den sentrale vurderinga i vindkraft ser ut til å vere «urimelege ulempar», som i større grad er ei brei og kompleks vurdering.

5 Om urimelegheitsvurderinga

5.1 Generelt om urimeleg-vilkåret i lova

Som eit alternativt vilkår til «uturvande» skade eller ulempe, stiller grannelova § 2 opp eit forbod mot «urimelege» ulempes og skader. Mest sentralt i høve vindkraft er spørsmålet om kva som skal til for at ulempene er urimelege. I § 2 tredje ledd er det stilt opp moment om kva som skal leggjast vekt på. Momenta inngår i ei konkret heilheitsvurdering, men formuleringa «*jamvel* om noko er venteleg *eller* vanleg» (mi uthaving) i siste ledd, tilseier at det er snakk om kumulative kriterium der begge må vere oppfylt for at ulempa skal vere urimeleg. Dette vert også støtta i juridisk teori, der Falkanger og Falkanger meiner «Dersom skaden eller ulempen enten er ventelig eller sedvanlig, er det normalt ikke tale om noen urimelighet, og tiltaket er lovlig.»¹⁰⁹, og at sett frå «den plagedes side, kan man si at det ventelige bare får betydning hvor det gjelder skader eller ulempes som ikke er sedvanlige.»¹¹⁰ Det er elles grunn til å minne om at også momentet om naturmangfaldet på staden inngår i denne urimelegheitsvurderinga, samt kva som er teknisk og økonomisk mogleg, jf. andre ledd. Vidare kan det nemnast at i gl. § 2 fjerde ledd finst det ein tryggleiksventil i dei tilfella ulempene er så store at dei er urimelege sjølv om dei er ventelege og vanlege.

5.2 Om ventelegheitskriteriet

Det første kriteriet i urimelegheitsvurderinga er at det skal «leggjast vekt på om det er venteleg etter tilhøva på staden». Ordlyden «det» saman med «noko» tilseier at det er eit spørsmål om sjølve ulempa er venteleg. Ordlyden seier lite om kva som er meint med «venteleg», men i Rt. 2006 s. 486 legg retten til grunn, med støtte i forarbeida og juridisk teori, at «venteleg» er "innskrenka enn omgrepet «pårekneleg», og at omgrepet skal forståast som det som truleg eller sannsynlegvis vil kome til å skje, medan pårekneleg er det som kan tenkjast å kome til å skje.¹¹¹ Det er av stor betydning kva tidspunkt ein vurderer om ei ulempa er venteleg. Ein må dessutan ta utgangspunkt i dei konkrete «tilhøva på staden», jf. gl. § 2

¹⁰⁹ Falkanger og Falkanger (2016) s. 412.

¹¹⁰ Loc. cit.

¹¹¹ Rt. 2006 s. 486 avsnitt 62.

tredje ledd. Vurderinga er konkret og objektiv i den forstand at kva grannen oppfattar som venteleg ikkje er relevant, men heller kva grannen burde sett på som venteleg.

Kriteriet om ventelegheit skal ifølgje § 2 vurderast etter «tilhøva på staden». Ifølgje Rt. 1965 s. 933 Bunkerstasjonsdomen er det karakteren av strøket som er meint, noko som også gjaldt i nabolova av 1998 § 12, der det skulle takast omsyn til «stedets og omgivelsenes beskaffenhet». Dette betyr at i vindkraftsaker er ikkje spørsmålet om ulempa er venteleg på granneeidomen, men om ulempa var venteleg i strøket for øvrig. I tilfelle der ein avsidesliggende eigedom har vist seg særleg utsett for ulemper akkurat der, må ein likevel sjå på om ulempene var ventelege i strøket granneeidomen er i, til dømes om det er snakk om nærings- eller jordbruksregulert område.

Det er vanskeleg å sjå for seg tilfelle der ulempa er venteleg i strøket, men ikkje på granneeidom. I så fall bør spørsmålet behandlast etter gl. § 2 fjerde ledd. I Rt. 1965 s. 933 Bodø flyplass uttalte retten at «vurderingen av ventelighets-kriteriet må skje ut fra en objektiv bedømmelse av situasjonen på den tid vedkommende huseier etablerte seg i området». Dette heng saman med det Stavang og Stenseth kallar aksept av risiko-synspunktet. Synspunktet vert illustrert i Rt. 1972 s. 142 Jernverket. Saka omhandla eit jarnverk som medførte forureining for grannar. Retten meinte her at «generelt [kan] sies at alle som har bygget i nærheten av jernverket etter 1946 har tatt en risiko for at de kunne bli utsatt for røykplage». Bygginga av verket var bestemt i 1945.

5.2.1 Etablering på staden og tidsprioritet

Eit spørsmål er såleis kva som skal til for at ein granne har etablert seg på staden. Dette vil typisk gjelde tidspunkt for kjøp eller bygd.¹¹² Truleg må tilfelle der ein har kjøpt eller inngått bindande avtale om granneeidom omfattast jamvel om bygging av eventuelle hus ikkje er påbyrja. Tidspunktet for når noko reknast som venteleg vert gjerne kalla skjeringstidspunktet. I Rt. 1995 s. 1303 Grinda avfallsanlegg uttalar retten at det skal «svært meget til for at den naboretsligestålegrense anses overskredet når etableringen skjer etter at den virksomhet som medfører støy eller andre ulemper er lokalisert til et bestemt område og vedtatt igangsatt.»¹¹³ Dette tilseier at vindparken ikkje treng å vere påbyrja for å vere venteleg, men truleg at

¹¹² Rt. 1974 s. 524 og Rt. 1972 s. 142.

¹¹³ Rt. 1995 s. 1303, s. 1311.

endeleg konsesjon er gjeven. Eit interessant grensespørsmål er om forslaget til nasjonal ramme som NVE utarbeidde og som seinare vart skrota, likevel gjer vindkraft venteleg på dei 13 stadane som vart utpeikt som særleg eigna. Ettersom retten i Grinda avfallsanlegg plasserte skjeringstidspunktet når tiltaket er vedteke, er eit forslag til nasjonal ramme truleg ikkje tilstrekkeleg til å vere venteleg, men kan tenkast som eit argument i den konkrete vurderinga.

Eit anna spørsmål er når ein har etablert seg ved å arve ein familiebustad eller gard. Vindkraftutbygging er som regel aktuelt i områder med jordbruk og langvarige familiegardar. Problemstillinga er om etablering skal reknast frå overtaking av garden eller generasjonsskifte, eller når den første generasjonen kjøpte garden. Erverv ved arv var særleg drøfta i Rt. 1982 s. 588 Kjekvik, som bygde vidare på Fornebu-domen og Flesland-domen.¹¹⁴ Saka handla om fire småbruk som var grannar til ein flyplass i Kristiansand, der alle mangla tidsprioritet ved at dei overtok småbruken etter skjeringstidspunktet. Retten uttalte at ein likevel ikkje kan stille desse i same klasse som andre som frivillig har etablert seg. Det var sentralt for retten at alle grannane hadde arbeidd, drive eller delteke i drifta av garden sidan ungdom, og at eigedomsoverdragingane var «naturlige eiendomsoverføringer fra den eldre generasjon til den yngre.»¹¹⁵ Dette gjorde at dei formelle overtakingane, som skjedde etter skjeringstidspunktet, berre måtte reknast som «den selvfølgelige og naturlige slutføring av en reell tiltredelse med tilhørende drift av eiendommen fra år tilbake.»¹¹⁶ Grunngjevinga til retten var at i slike situasjoner gjer eit pliktmoment seg gjeldande, og at ein ikkje står like fritt til å velje bustad.

Desse særlege etableringsreglane ved erverv ved arv er sentralt for vindkraftutbygging ettersom slike vindkraftanlegg oftast vert plassert i utmark i landbruksområde i mindre utbygde strøk, der det har vore busettad lenge. Dermed kan ein seie at i dei tilfella nokon formelt har overteke bustad eller gardsbruk etter at ein vindpark får endeleg konsesjon, er det ikkje nødvendigvis den formelle overtakinga som må reknast som etableringstidspunkt. Men som Kjekvik-domen legg opp til, vil dette måtte drøftast konkret.

¹¹⁴ Rt. 1984 s. 524 og Rt. 1977 s. 1155.

¹¹⁵ Rt. 1982 s. 588, s. 595.

¹¹⁶ Loc.cit

5.2.2 Samfunnsutvikling

Tidsprioritet er eit altså eit viktig moment i vurderinga av kva som er venteleg. Som ei forlenging av dette, er det eit spørsmål om kva som er venteleg alltid skal vurderast etter kva som var venteleg før etablering, eller om det kjem eit punkt der noko må reknast som venteleg sjølv om ein etablerte seg før vindparken. I tillegg er det særleg betydinga av samfunnsmessig utvikling som gjer seg gjeldande i spørsmålet om kva som er venteleg.

Eit spørsmål er om noko må reknast som ikkje venteleg sjølv om grannen etablerte seg sist. Som nemnt ovanfor, vil tidsprioriteten og aksept av risiko-synspunktet som regel gjere at dersom ein granne busette seg sist, må ulempa vere venteleg. Dette kan tenkjast aktuelt i tilfelle der vindkraftanlegget var lite med små ulepper då grannen etablerte seg, og som seinare vert bygd ut. Men i viss tilfelle vil kanskje endring av drifta av tiltaket skape ulepper av ei anna påkjenning eller art enn då grannen etablerte seg. I tillegg til eit spørsmål om eit jarnverk ført til uturvande ulepper fordi eit renseanlegg vart installert for seint, var det også eit spørsmål i Rt.1972 s. 142 Jernverket om om endringar i drifta av jarnverket gjennomført i 1962 ført til så store ulepper og skader at dei passerte tolegrensa også for dei som busette seg i nærleiken etter jarnverket vart bestemt å skulle byggjast. Retten la vekt på at ulempene var ei følgje av gradvis auking av produksjon og at sjølv om den «omlegning av driftsmåten som fant sted fra 1962, økte i omfang og delvis skiftet karakter i uheldig retning, har de ikke sprengt rammen for det som generelt sett ville fremstille seg som ventelig ved en storindustri av denne karakter.»¹¹⁷ I motsetning til Rt. 1962 s. 609 Hunton Bruk, der dei endra driftsformene var av ny art av industriell verksemrd, meinte retten at ulempene i Jernverket hadde samanheng med gradvis ekspansjon. Retten kom derfor til at ulempene måtte vere ventelege.

Overført til vindkraftsaker kan det tenkjast at jamvel om ein granne har etablert seg etter vedtak om bygging, vil ulempene etter endra drift kunne vere urimelege. Det må imidlertid dreie seg om radikal endring i drift eller ny art av verksemrd. Ein må med andre ord vente seg gradvis auke i ulepper. Dersom ein vindpark til dømes tek i bruk ny teknologi som gjer at dei kan produsere straum i høgare vindhastigheiter og dermed påføre større visuelle ulepper og fare for iskast, kan det tenkjast at dette må tolast. Truleg også dersom det blir bygd større vindmøller. Ifølgje Nasjonal ramme hadde vindturbinane bygd i 1998 typisk effekt på 0,75

¹¹⁷ Rt. 1972 s. 142, s. 145.

MW og ei høgd på rundt 60 meter, medan vindturbinane som er venta bygd i 2023 har effekt på 6 MW og totalhøgd på rundt 200 meter.¹¹⁸ Samanlikna med stader det ikkje har vore vindkraftanlegg frå før, skal det truleg langt mindre til for at ei utviding av eksisterande anlegg er venteleg. Grensa for kva som ikkje kan vere venteleg i ein slik samanheng, må ein anta er plassert høgt, med mindre ulempene er av ny art av industriell verksemd og ny form for ulempen, jf. Rt. 1962 s. 609. I tilfelle der eit lite vindkraftanlegg med små eller få turbinar vert skifta ut med moderne turbinar med dobbel høgd, er det klart at ulempene blir større. Likevel er det i utgangspunktet ikkje snakk om nye ulempar eller ny art av verksemd. Her vil nok gl. § 2 4. ledd om «monaleg forverring av brukstilhøve» vere meir praktisk å bruke, men dette skal ikkje oppgåva gå inn på.

Rettspraksis legg vidare stor vekt på samfunnsmessig utvikling i ventelegheitsvurderinga. Knytt til vindkraft reiser dette særlege problem, då vindkraft er eit sterkt politisk ønskje og ei relativt ny satsing. Rettspraksis har gjerne handla om gradvis endringar i behov for til dømes kraftliner og vegutbygging. Spørsmålet er altså i kva grad den samfunnsmessige utviklinga og samfunnsnytta rundt vindkraft kan ha innverknad på kva som er «venteleg etter tilhøva på staden». Stavang hevdar at rettspraksis ber meir preg av verdivurderingar enn sannsynsvurderingar av kva som er venteleg.¹¹⁹ Overført til vindkraft vil det seie at retten legg meir vekt på den samfunnsmessige nytta av vindkraft enn om det faktisk var sannsynleg å kome akkurat der. Falkanger og Falkanger meiner på si side at vurderinga for kva som er venteleg ikkje må reknast som vilkår om at ein må kunne vente seg kva slags utbygging og tiltak som vil koma, men at det er nok at ein må «kunne vente en utvikling i den retning som det omstridt tiltak ligger i.»¹²⁰

Eit særleg problem som reiser seg i denne samanheng, er om vindkraftanlegg som byggjast i urørte områder og natur der det tidlegare ikkje har vore industri, likevel kan vere venteleg. Årsaka til utbygging i slike område er både vindtilhøve og at nettopp fordi området er langt frå tettstader vil færrest mogleg bli plaga av utbygginga. I Rt. 2011 Jæren energi, som nemnt fleire gongar ovanfor, gjekk retten langt i å akseptere ulempar fra viktige samfunnstiltak. Retten uttalte at «ved vurderingen av om viktige samfunnstiltak, slik som vindkraft, er ventelig på stedet, må den alminnelige samfunnsutvikling tillegges stor vekt, jf. Rt. 1996 s.

¹¹⁸ NVE 2019: Forslag til nasjonal ramme, s. 15.

¹¹⁹ Stavang (1999) s. 100.

¹²⁰ Falkanger og Falkanger (2016) s. 426.

232.»¹²¹ Ein kan særleg merke seg at retten seier «At området er relativt uberørt, er uten betydning. Det samme gjelder om eiendomen er ervervet før det ble aktuelt å etablere vindpark i området.»¹²² Vidare seier retten at vindkraft som regel blir bygd i relativt rørte område, og at området i saka er godt eigna «på grunn av lokale vindforhold og kort avstand til eksisterende overføringsrett.»¹²³ Dette kan tyde på at retten legg så stor vekt på den samfunnsmessige betydinga av vindkraft som tiltak, at det må reknast som venteleg uansett kvar det er, så lenge området kan tenkjast eigna til vindkraft. At området er eigna for vindkraft ser dermed ut til å vere eit relevant synspunkt i rettspraksis.

Kraftliner har fleire ulemper til felles med vindkraftanlegg. Utbygging av straumnett har stor betydning for samfunnsmessig utvikling, og medfører estetiske ulemper i form av landskapsforureining og mogleg verditap av eigedom, i tillegg til mogleg radioforstyrring. Rt.1972 s. 377 Blåfalli omhandla erstatning frå radioforstyrningar frå kraftliner. Retten la stor vekt på moment om økonomisk utvikling og utnytting av ressursane i samfunnet. Retten uttalte at «Det ligger nødvendigvis i denne utvikling at også steder som har vært relativt uberørt, må regne med å måtte tilpasse seg nye tekniske tiltak eller nye rettslige reguleringer av mer eller mindre inngripende karakter». ¹²⁴ I Rt. 1965 s. 389 vart det sagt at fjernledninga for kraftoverføring «kan bli aktuelle når sagt hvor som helst», også når dei «i noen grad berøver landskapets dets uberørte preg.»¹²⁵ Vindkraftanlegg er klart ein ung type infrastruktur samanlikna med kraftliner, noko som kan tale mot at det er venteleg i urørt område. Samstundes er det også klart at vindkraft fører til andre ulemper enn til dømes vegar eller kraftliner, og til dømes fare for iskast og plassering av store anlegg i urørte naturområde kan oppfattast som større ulemper i konkrete saker. På den andre sida vil truleg stor politisk satsing gjer at det i større grad er venteleg, særleg i områda som viser seg eigna til vindkraft framheva i NVE sitt forslag til nasjonal ramme.

Ei forlenging av momentet om samfunnsutvikling finn ein for øvrig nyttesynspunktet. Dette vil seie at grannen må ha større aksept for ulemper når ho får nytte av tiltaket. Synspunktet er gjerne brukt i saker om infrastruktur som i Rt. 1972 s. 377 Blåfalli og Rt. 1969 s. 643 Fana, der sistnemnde sak omhandla vegutbygging. Retten drøfta her om bygginga av ein motorveg

¹²¹ Rt. 2011 s. 780 avsnitt 94.

¹²² Loc. cit.

¹²³ Loc. cit.

¹²⁴ Rt. 1972 s. 377, s. 380.

¹²⁵ Rt. 1965 s. 389, s. 392.

kunne gagne grannane, men kom til at fordi motorvegen var utan avkøyringar til eigedomane, peikte ikkje nyttesynspunktet at ulempene måtte tolast av grannane. Når det gjeld vindkraft, vil ikkje granne ha direkte nytte av tiltaket i form, men ein kan argumentere med at den generelle nytta grannen vil ha som følgje av straumproduksjon i landet og styrka infrastruktur i regionen, kan ha innverknad på tolegrensa. Likevel er nok momentet om samfunnsnytta av vindkraft som vil vere mest sentralt i ventelegheitsvurderinga. Ein kan minne om at poenget med tolegrensa ikkje nødvendigvis er å stanse eit samfunnsviktig tiltak fordi det fører til urimelege ulepper for eit mindre tal personar. I slike tilfelle vil nok vederlag eller erstatning vere langt meir praktisk, jf. gl. §§ 9 og 10 siste ledd.

5.3 Om vanleg-kriteriet

Det andre kriteriet i vurderinga av urimelege ulepper er om «det er verre enn det som plar fylgja av vanlege bruks- eller driftsmåtar på slike stader», jf. gl. § 2 tredje ledd. Formuleringa «i avgjerda om *noko* er» og «*det* er verre enn» tilseier at momentet sikter til ei vurdering av om sjølve ulempene er verre enn det som er vanleg, ikkje type tiltak. Sjølv om ei ulempa ikkje er venteleg, jf. drøftinga ovanfor, vil ikkje ulempa vere urimeleg dersom den er vanleg på «slike stader».

Ordlyden «på slike stader» tilseier området granneeidomen ligg i, altså strøket eller området. Dette er same forståing som ventelegkriteriet, med den forskjellen at «på staden» må sikte til det konkrete strøket eller området ulempene gjer seg gjeldande, medan «på slike stader» sikter til den type stad som ulempa gjer seg gjeldande i generell forstand. Det er dermed framleis strøket og området granneeidomen ligg i som er utgangspunktet for vurderinga, jf. mellom anna Rt. 1965 s. 933. Poenget er altså at ei ulempa ikkje er urimeleg dersom det finst andre, tilsvarande ulepper i strøket eller området. Det er uklart om formuleringa «plar fylgja av vanlege bruks- eller driftsmåtar» sikter til tiltaket eller ulempa, men det følgjer av forarbeida at det er ulempa som er gjenstand for vurderinga. Det avgjerande er likevel ikkje om typen ulempa er vanleg på staden. Poenget er at storleiken på ulempa ikkje må vere «verre» enn vanleg.¹²⁶ Dette betyr at ein skal vurdere om ulempa i den faktiske situasjonen er verre enn ulempene som ville vore i området dersom tiltaket ikkje var der.

¹²⁶ NUT 1957: 3, s. 27.

Spørsmålet er dermed om ulempene frå vindkraft er vanlege ulike stader. Forarbeida presiserer at det som må tolast ein stad, ikkje nødvendigvis må tolast ein annan stad, og at «mangt kan vera lovleg i fabrikkstroket, er ulovleg i villakvarteret». ¹²⁷ I Rt. 1991 s. 1281 kom retten til at ulempene frå ei vindmølle på ein folkehøgskule var urimelege, fordi dei ikkje var vanlege på staden. Retten uttrykte at «det ville vært tilfelle på nesten et hvilket som helst sted der møllen var plassert så nært beboelseshus, og må i særlig grad gjelde under de landlige forhold som det her dreier seg om». ¹²⁸ Rettspraksis legg altså vekt på kva ein skal kunne rekne med av ulemper sett vekk frå tiltaket det er strid om. Landlege strøk ber gjerne preg av lite næringsverksemd, store bygg og støy, noko som gjer at ulempene frå vindkraftanlegg truleg ikkje vil vere vanleg. På den andre sida vil nærleik til industri eller større vegar som fører til støy og anna gjer at støy frå vindmøller klart er vanlege dersom dei har omtrent same intensitet, jf. til dømes Rt. 1981 s. 343 Bybrua i Stavanger.

Ulemper som signalforstyrningar og lysrefleksjonar er særprega for vindkraft, men fordi det er storleiken på ulempa som er avgjerande, vil desse likevel kunne vere vanlege i områder med tilsvarande «plagsame» ulemper. Når det gjeld fare for iskast og redusert ferdsel, vil dette neppe vere «verre» enn store vegar og industrianlegg som også krev varsam ferdsel. Skade på naturmangfold er også ei ulempa som kan samanliknast i ulike strøk. Ulempa gjer seg særleg gjeldande i urørt natur med sårbart landskap og biodiversitet. Dersom det allereie finst bruks- og driftsmåtar i området som også har innverknad på naturmangfaldet, skal det truleg ein del til for at vindkraftanlegg er «verre» enn dette, men dette må avgjera konkret. Når det gjeld jordbruksområde vil det som regel finnast ei viss grad av ulemper, til dømes traktortrafikk, dyr i utmark, lukt frå gjødsling og støy frå gard. Likevel vil truleg større vindkraftanlegg med mange og høge turbinar passere grensa for «verre» enn vanleg, dersom ein ser på dei samla ulempene frå støy, landskapsforureining og eventuelle skuggekast, lysforstyrningar, signalforstyrningar og iskast. Iskast kan tenkjast å utgjere ei større ulempa i jordbruksområde på grunn av faren for skade på beitande dyr, slik at dette lettare må reknast som ei uvanleg stor ulempa. Det er elles vanskeleg å kategorisere kva ulemper som er vanlege i ulike strøk. Dette må avgjera konkret.

¹²⁷ NUT 1957: 3, s. 16.

¹²⁸ Rt. 1991 s. 1281, s. 1285.

6 Avslutning

Oppgåva har tatt for seg den overordna problemstillinga om i kva grad ein må tolle vindkraftverk på granneeidom, og problemstillinga om kva innverknad offentlege rettleiingar og vurderingar har på vurderingane om ulemper er urimelege etter grannelova § 2.

Oppgåva har analysert forholdet mellom det offentlegrettslege systemet og grannelova, der oppgåva viser at rettleiingar frå NVE ikkje utgjer bindande moment ved vurderinga etter gl. § 2. Likevel kan forvaltingspraksis, samt grundige undersøkingar av faktiske tilhøve og argumentasjon i slike vurderingar, utgjere eit relevant moment for retten. Oppgåva viser også at behovet for eit tospora system vert illustrert gjennom rettleiingane frå NVE ved at generelle tilrådingar rundt til dømes støy, iskast og visuelle ulemper, i form av landskapsdominans og skuggekast, ikkje nødvendigvis medfører forvaltingsmessige vurderingar som tek dei same omsyna som grannelova tek sikte på. Derfor er det av stor betydning at urimelegheitsvurderinga blir drøfta ut frå ei samansett vurdering der ein legg vekt på momenta lova stiller opp.

Når det gjeld uturvandevilkåret viser gjennomgangen at momentet som omhandlar kva som er teknisk og økonomisk mogleg skaper visse rammer for kva vindkraftanlegg kan påføre grannar, utan å måtte setje i verk avbøtande tiltak. For visse ulemper finst det tekniske løysingar, til dømes plassering og storleik på vindmøller for å avgrense støy og landskapsdominans, maling av vindturbinar for å hindre fugledød eller avisingsystem for å hindre iskast. Fleire av tiltaka er likevel mest praktiske å gjennomføre i utbyggingsfasen. Dermed er det gjerne kostnadssynspunktet som set grenser for kva ein kan krevje av tiltak. Dette reiser eit problem i tilfelle der ulempene ikkje viser seg før etter driftsfasen. Då vil kostnadssynspunktet tale mot at ulempa er urimeleg eller uturvande. Samstundes vil ny og rimelegare teknologi senke tolegrensa over tid dersom ulempene lettare kunne vore avgrensa.

Ved problemstillinga om i kva grad ein må tolle vindkraftverk på granneeidom er det sentralt kva som framstår som venteleg eller vanleg i området. Tidsprioritet tilseier i utgangspunktet at grannar som etablerte seg før vindkraftanlegget vart vedteke ikkje bør tolle ulempene. Likevel viser oppgåva at rettspraksis ofte legg avgjerande vekt på den samfunnsmessige utviklinga. Dette gjer at vindkraft kan tenkast venteleg alle stader det er eigna.

Samstundes viser rettspraksis at i tilfelle der grannen etablerte seg sist, kan radikale utvidingar og driftsformer av ny art gjere at ulempene likevel ikkje er ventelege. Kriteriet om kva som er vanleg i området gjer at vindkraftanlegg stort sett må tolast i industriområde og andre stader nært utbygging, men talar mot urimelegheit i bustadområder og rolige jordbruksområde med utmarksbeite, urørt natur og sårbart naturmangfald.

7 Kjelder

7.1 Litteraturliste

Bugge, Hans Christian, *Lærebok i miljøforfatningsrett*, 4. utg., Universitetsforlaget 2015.

Enova, *Etablering av vindkraft i Norge*, nr. 5/2018, 2014,

https://www.enova.no/upload_images/B4D72DED9E864DA6B38DA939AFAEA4A7.pdf

Falkanger, Thor og Aage Thor Falkanger, *Tingsrett*, 8. utg., Universitetsforlaget 2016.

Fleischer, Carl August, «Forholdet mellom granneloven og en tillatelse etter bygningsloven», *Lov og Rett*, 1976 s. 465-470.

Habberstad, Mette, «Vindmotstand økt med 68 prosent», DNT, 13. oktober 2020,

<https://www.dnt.no/artikler/nyheter/22328-vindmotstand-kt-med-68-prosent/> (lest 20. mai 2021).

Haugland, Mats, Øystein Otterdal og Anna Sørmarken Vestly. «-Det høyrest ut som eit fly som går inn for landing, men aldri landar.», NRK, 1. mai 2021,

<https://www.nrk.no/rogaland/norsk-vind-vil-betale-naboar-som-far-for-hog-stoy-fra-vindmoller.-det-skaper-reaksjonar-1.15430058>, (lest 12. mai 2021).

Lied, Vilde Gjerde, «Har ikkje hatt reint vatn på tre år – no krev NVE at vindkraft-selskap bygger vassverk», NRK, 24. februar 2021, <https://www.nrk.no/tromsogfinnmark/buvika-i-tromso-kjempar-om-reint-vatn-etter-forureining-fra-kvitfjell-raudfjell-vindpark-1.15385426> (lest 23. mai 2021)

Lorentsen, Hilde Mangset, «Vindturbiner kan forstyrre tv-signalet», NRK, 6. nov. 2018,

<https://www.nrk.no/nordland/vindmoller-kan-forstyrre-tv-signalet-ditt-1.14279775> (lest 15. april 2021).

Motvind Norge, «Historikk», 2021, <https://motvind.org/om/historikk/> (lest 5. februar 2021).

Norges miljøvernforbund, «Miljøvernforbundet sendte höringssvar på miljøverstingen Bisfenol A til EUs kjemikalierregister ECHA/REACH», 18. februar 2021,

<https://www.nmf.no/2021/02/18/miljovern forbundet-sendte-horingssvar-pa-miljoverstingen-bisfenol-a-til-eus-kjemikalierregister-echa-reach/> (lest 27. februar 2021).

Norges vassdrags- og energidirektorat. *Forslag til nasjonal ramme for vindkraft*, nr. 12/2019, 1. april 2019, <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/sammendrag/> (lest 30. mai 2021).

Norges vassdrags- og energidirektorat, *Iskast fra vindturbiner: Veileder for håndtering av risiko for skade ved iskast i norske vindkraftverk*, nr. 5/2018, oktober 2018, http://publikasjoner.nve.no/veileder/2018/veileder2018_05.pdf (lest 18. mars 2021).

Norges vassdrags- og energidirektorat, *Nasjonal ramme for vindkraft: Temarapport om nabovirkninger*, nr. 72/2018, 3. september 2018, https://publikasjoner.nve.no/rapport/2018/rapport2018_72.pdf (lest 5. mars 2021).

Norges vassdrags- og energidirektorat, *Skyggekast fra vindkraftverk: Veileder for beregning av skyggekast og presentasjon av NVEs forvaltningspraksis*, nr. 2/2014, februar 2014, https://publikasjoner.nve.no/veileder/2014/veileder2014_02.pdf (lest 5. mars 2021).

Norges vassdrags- og energidirektorat, «Vindkraft». 8. mars 2021, <https://www.nve.no/energiforsyning/kraftproduksjon/vindkraft/?ref=mainmenu> (lest 12. mai 2021).

Os, Audvar, «Et tilfelle av lovkollisjon: bygningsloven – granneloven», *Lov og Rett*, 1976, s. 234-238.

Owe, Thomas Alvarstein og Linda Marie Vedeler, «Vindmøllene kuttet TV-signalet.», NRK, 18. november 2020, <https://www.nrk.no/kultur/vindmollene-kuttet-tv-signalet-1.15245912> (lest 5. mars 2021).

Stavang, Endre og Geir Stenseth, *Fast eiendoms tingsrett*, 1.utg., Gyldendal 2016.

Stavang, Endre, *Naborettens forurensningsansvar*, 1. utg., Cappelen akademisk forlag 1999.

World Health Organization, *Environmental Noise Guidelines for the European Region*, 2018.

7.2 Norske lover

Lov 16. juni 1961 nr. 15 om rettshøve mellom grannar (grannelova – gl.)

Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven).

Lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven).

Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

7.3 Norske forskrifter og forarbeid

7.3.1 Forskrifter

Forskrift 7. desember 1990 nr. 959 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilovforskriften).

Forskrift 15. juli 2014 nr. 980 om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder.

7.3.2 Norske lovforarbeid og stortingsmeldingar

NUT 1957:3 Rådsegn 2 om eigedomsretten i grannehøve

Ot.prp. nr. 24 (1960–61) Om lov om rettshøve mellom grannar

NOU 1982: 19 om generelle lovregler om erstatning for forurensningsskade

Ot.prp. nr. 33(1988–89) om lov om endringer i lov 13 mars 1981 nr 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) m.v (Erstatningsansvar ved forurensningsskade)

St.Meld nr. 58 (1996–97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling - Dugnad for framtida: Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling

Meld. St. 25 (2015–2016) Kraft til endring: Energipolitikken mot 2030.

7.4 Norske rettsavgjelder

Rt. 1962 s. 609

Rt. 1965 s. 389

Rt. 1969 s. 757

Rt. 1972 s. 142

Rt. 1972 s. 377

Rt. 1974 s. 122

Rt. 1981 s. 343

Rt. 1983 s. 152

Rt. 1991 s. 1281

Rt. 2011 s. 780

Rt. 2007 s. 464